

Perlaug Marie Kveen

”Døkk har slikt rart tonefall”

Om tonelag og andre prosodiske drag ved målet i Lom,
med eit sideblikk til Skjåk

Masteravhandling i nordisk språkvitskap
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
NTNU
Hausten 2011

Føreord

To og eit halvt år i masterbobla er snart til endes, og eg vil takke alle som på ulikt vis har stilt opp for meg.

Fyrst vil eg sende ein stor takk til informantane mine frå Lom og Skjåk som velviljuge stilte opp og synte interesse for arbeidet mitt. Utan dykkar hjelp ville ikkje denne avhandlinga vore mogleg. Eg vil òg takke Lom kommune for økonomisk stønad som gjorde feltarbeidet enklare å gjennomføre.

Ein varm takk til rettleiaren min, Randi Alice Nilsen, som har gjeve meg fagleg inspirasjon og oppmuntring, og ofra mykje tid på rettleiing og lesing av utkast. Det er alltid triveleg å kome til kontoret ditt!

Takk til Arnold Dalen og Jan Ragnar Hagland for interessante samtaler om dialektologi.

Takk til intonologi-makkeren min, Line, for korrekturlesing og (fag)prat gjennom desse åra. Ein takk går òg til Lisbet og Marianne som på stutt varsel stilte opp som korrekturlesarar. Takk til Asger for teknisk hjelp med lumske skrift-typar og Praat.

Takk til dei kjære folka mine i Bøverdalen og Oslo for at de var kontrollinformantar (til dels utan å vite det) og for at de har teke godt vare på meg denne tida.

Og sist, men ikkje minst, ein stor takk til master-gjengen og andre vener som har gjeve meg påfyll både fagleg og sosialt. Kva hadde vel desse to åra vore utan turar, kviss- og spelkveldar, vombiskinn-prat og fårikål-lag?

Alle eventuelle feilskjer og mistak i arbeidet står eg sjølv ansvarleg for.

Trondheim, november 2011

Perlaug Marie Kveen

Innhald

1	INNLEIING	1
1.1	BAKGRUNN OG TEORI	1
1.1.1	<i>Prosodi</i>	1
1.1.2	<i>Lomsmålet</i>	2
1.2	PROBLEMSTILLING OG MÅL	3
1.3	METODE OG ANALYSEVERKTY	4
1.4	OPPBYGGING AV AVHANDLINGA	4
2	TONELAG OG INTONASJON I NORSK	7
2.1	TIDLEGARE FORSKING	7
2.1.1	<i>Ivar Alnæs og myter om intonasjon</i>	7
2.1.2	<i>Intonasjonsforskning i nyare tid</i>	8
2.2	TONELAG OG INTONASJON	9
2.2.1	<i>Ordtonane i låg- og høgtone-dialektar</i>	9
2.2.2	<i>Prosodiske kategoriar</i>	10
2.3	TRONDHEIMSMODELLEN	11
2.3.1	<i>Dei prosodiske kategoriane</i>	11
2.3.2	<i>Grunntonekonturar og prosodiske tre</i>	13
2.3.3	<i>Fraseaksenten – ikkje ein del av tonelaget</i>	15
2.4	LÅGTONE-DIALEKTAR – EITT FAST MØNSTER?	16
2.4.1	<i>Regionale særdrag</i>	16
2.4.2	<i>Tonelagskurver og forseinka fraseaksentar i trøndersk</i>	17
2.4.3	<i>AP-eksterne stavingar i haugesundsk</i>	21
3	TIDLEGARE ARBEID OM PROSODI I NORD-GUDBRANDSDALEN	23
3.1	DIALEKTOLOGISK VINKLING	23
3.1.1	<i>Lærebøker og prosodi</i>	23
3.1.2	<i>Lokale arbeid om prosodi</i>	24
3.2	FONETISKE OG FONOLOGISKE TILNÆRMINGAR	25
3.2.1	<i>Tonelagskurver i Lom og Skjåk</i>	26
3.2.2	<i>Tonal variasjon mellom nordgudbrandsdalsdialekt, oppdaling og søraustnorsk</i>	27
4	SAMLING OG ORGANISERING AV DATAMATERIALE	29
4.1	PROSODISKE DRAG VED MÅLA I LOM OG SKJÅK	29
4.1.1	<i>Førebuingar til undersøkinga</i>	30
4.1.2	<i>Utforming av undersøkingsmateriale</i>	30
4.1.3	<i>Feltarbeidet i Lom og Skjåk</i>	31
4.2	INFORMANTANE	31
4.2.1	<i>Korleis informantane vart utvalde</i>	31
4.2.2	<i>Informantane frå Lom kommune</i>	32
4.2.3	<i>Informantane frå Skjåk kommune</i>	33
4.3	GJENNOMFØRING AV UNDERSØKINGA	33
4.3.1	<i>Oppbygging og framgangsmåte</i>	33
4.4	EINSKILDORD-TESTEN (DEL I)	34
4.4.1	<i>Minimale par, ein- og fleirstavingsord</i>	34
4.4.2	<i>Stuttstavingar og etterleddstrykk</i>	35
4.5	”DET VA.”-TESTEN (DEL II)	36
4.6	UTBRYTINGSSETNINGAR MED KONTEKST (DEL III)	38
4.7	UFORMELT INTERVJU (DEL IV)	39
4.8	TEKNISKE HJELPEMIDDEL	40
5	TONELAGSKURVER OG AKSENTFRASAR I LOMS- OG SKJÅKMÅL	41
5.1	INNLEIING OG BAKGRUNN	41
5.1.1	<i>Fintoft og Mjaavatn si framstilling av tonelagskurver i lomsmål</i>	41
5.1.2	<i>Høg tone føre tonelag 1 i lomsmål?</i>	42
5.2	EIN DESKRIPTIV ANALYSE AV TONELAGA I LOMSMÅL	43

5.2.1	"Det va.." -testen (deltest II)	43
5.2.1.1	Intonasjonsvariantar med tonelag 1	43
5.2.1.2	Intonasjonsvariantar med tonelag 2	50
5.2.1.3	Fleirstavingsord med tonelag 1 og 2 i beresetninga	54
5.2.1.4	Einstavingsord i beresetninga	56
5.2.1.5	Transisjonsfenomen i tonelag 1-konturar?	58
5.2.1.6	Manglande høg fraseaksent i tonelag 2-konturar?	59
5.2.1.7	Oppsummering av "Det va.." -testen (deltest II)	60
5.2.2	Einskildord-testen (deltest I)	60
5.2.2.1	Tonelagsrealisering i isolert uttale av testord	60
5.2.2.2	Tonelag 1	61
5.2.2.3	Tonelag 2	62
5.2.2.4	Oppsummering om tonelagsrealisering i lomsmål	62
5.3	ULIK TONELAGSREALISERING I LOMSMÅL OG SKJÅKMÅL?	63
5.3.1	Fintoft og Mjaavatn si framstilling av skjåkmål	63
5.3.2	"Det va.." -testen (deltest II) i skjåkmål	63
5.3.3	Einskildord-testen (deltest I) i skjåkmål	65
5.3.4	Oppsummering om tonelagsrealisering i skjåkmål	66
5.4	TONELAGSREALISERING I LOMSMÅL OG SKJÅKMÅL – OPPSUMMERING	67
6	PROSODISKE SÆRDRAG I LOMSMÅL	69
6.1	FORSEINKA FRASEAKSENT, STUTTSTAVINGAR OG ETTERLEDDSTRYKK	69
6.2	FORSEINKA FRASEAKSENT	69
6.2.1	Forseinka fraseaksent i lomsmål?	69
6.2.1.1	Forseinka fraseaksent i ytring med to fokale APar	70
6.2.1.2	Forseinka fraseaksent i ytring med fokal- og postfokal AP	72
6.2.1.3	Ytring med to fokale APar utan forseinking	74
6.2.1.4	Oppsummering av funna	76
6.3	STUTTSTAVA ORD I LOMSMÅL	77
6.3.1	Kvantitetstilhøve	77
6.3.2	Ein deskriptiv analyse av stuttstava ord i lomsmål	78
6.3.2.1	Isolerte uttaler av stuttstava og normallange ord	78
6.3.2.2	Stuttstava og normallange ord i ei lengre ytring	80
6.3.2.3	Eit nytt nivå i den prosodiske trestrukturen	81
6.4	ETTERLEDDSTRYKK I LOMSMÅL	84
6.4.1	Etterleddstrykk som prosodisk fenomen	84
6.4.2	Ord med etterleddstrykk uttala i isolasjon (deltest I)	84
6.4.3	Førekomster av etterleddstrykk hjå informantane	86
6.4.4	Etterleddstrykk i lengre ytringar (deltest II)	87
6.4.5	Etterleddstrykk i spontan tale	89
6.4.6	Einskildord og lengre ytringar utan etterleddstrykk	89
6.4.7	Vilkår for etterleddstrykk	91
6.4.8	Er etterleddstrykk framleis produktivt?	92
6.5	OPPSUMMERING	94
7	OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE	95
	LITTERATURLISTE	99
	VEDLEGG 1	103
	VEDLEGG 2	105
	VEDLEGG 3	107
	SAMANDRAG	109

1 Innleiing

”Døkk har slikt rart tonefaill”. Dette er ei utsegn eg ofte har høyrte frå folk som freistar å gje ein karakteristikk av målet i Nord-Gudbrandsdalen, som i tillegg gjerne vert understreka gjennom eit forsøk på å herme etter dialekten. Men kva er det eigentleg som gjer at ”tonefaillet”, altså setningsmelodien eller intonasjonen, i dette dialektområdet vert oppfatta som karakteristisk? I masteravhandlinga mi vil eg sjå nærare på dialektprosodiske fenomen i lomsmål, med vekt på tonale tilhøve. Lomsmål er ei nemning på dialekten i Lom kommune i Nord-Gudbrandsdalen. Dialektane i dette området har svært mange språklege fellesdrag, og mange vil nok hevde at dialektane kan skildrast som ein sams norrdalsdialekt. Eg har valt å avgrense denne avhandlinga til hovudsakleg å dreie seg om målet i Lom kommune, sidan det er morsmålet mitt, men eg har òg gjort ei lita undersøking i grannekommunen Skjåk.

Det som for alvor fekk meg interessert i intonasjon i lomsdialekten, var ei semesteroppgåve eg skreiv i fonologi, der eg kom fram til nokre resultat som kunne tyde på at intonasjonsmønsteret i lomsmål skil seg noko frå resten av det søraustnorske området. Analysane vart den gongen gjort ved hjelp av den multilineære tilnærminga som vert nytta i autosegmental fonologisk analyse (sjå til dømes Goldsmith 1990) og delvis ved hjelp av notasjon frå Trondheimsmodellen (Nilsen 1992).

Trondheimsmodellen si hierarkiske tilnærming gjer det mogleg å forklare ein del intonasjonsfenomen som kan synast problematiske med analyseapparat som i større grad er tufta på ei lineær forståing. I avhandlinga har eg sett nærare på kva det er som karakteriserer prosodien i lomsmål samanlikna med andre dialektar.

1.1 Bakgrunn og teori

1.1.1 Prosodi

Prosodi handlar om fonologiske fenomen som trykk, kvantitetstilhøve, tonelag og intonasjon. Desse fonologiske trekk vert ofte kalla suprasegmentale trekk (Sivertsen 1967:120ff).

Tradisjonell dialektforskning på prosodiske tilhøve i norsk har i stor grad handla om dei tre fyrstnemnde fenomen. Intonasjonsfenomen har det vore mindre forska på. Norske dialektar kan noko forenkla delast inn i to hovudtypar etter tonale kriterium: høgtonedialektar og lågtonedialektar (meir om høg- og lågtonedialektar i delkapittel 2.2.1). Det meste av norsk

intonasjonforskning har handla om lågtonedialektar, særleg søraustnorsk og trøndersk (Nilsen 1992), men det finst nokre få studiar som tek føre seg høgtonedialektar, til dømes Abrahamsen (2003) og Skaalbones (2006). Det har òg vorte gjennomført mindre studiar av regional tonal variasjon i område som høyrer til typiske låg- eller høgtoneområde, som til dømes Nilsen sine undersøkingar av trøndersk og haugesundsk (2000). I tillegg har Fretheim og Nilsen (1989a) og Nilsen (2001) gjennomført studiar av såkalla overgangsområde,¹ som er kjenneteikna ved at intonasjonen i ein gjeven dialekt har drag frå både låg- og høgtonesystemet.

1.1.2 Lomsmålet

I den grad det har vorte forska på tonale tilhøve i måla i Nord-Gudbrandsdalen i nyare tid, har det dreidd seg om dei to tonelaga. Fintoft og Mjaavatt (1980) og Kristoffersen (2007a) er døme på arbeid som nemner tonale tilhøve i nordgudbrandsdalsdialektane. Elles er det mest leksikalske, morfologiske og segmentalfonologiske tilhøve som har vore i fokus, som til dømes i Haug (2002) og Dagsgard (2006).

Lomsmålet er ein av dialektane som vert tala lengst nord i Nord-Gudbrandsdalen, og det høyrer dermed til det austnorske dialektområdet. Dialektbrukarane her nyttar *oss* både i subjektsform og objektsform, og målet er elles kjennteikna ved at det framleis finst arkaiske drag (Papazian og Helleland 2005:95ff). Døme på dette er restar etter det norrøne kvantitetssystemet i ord som har stutt rotstaving i trykksterk posisjon, og desse er enten ei- eller tostavingsord. Nokre døme på sistnemnde er *båka* [bøkə] (å bake), *hugu* [hʉgʉ] (eit hovud) og *læsa* [læsa] (å lese). I tillegg har lomsmålet restar av dativ frå det norrøne kasussystemet, sjølv om dette er eit grammatisk drag som vert mindre og mindre nytta. Det finst lokale variasjonar i lomsmålet, til dømes vil ein kunne høyre at ein person frå Lom sentrum seier (*mæ*) *jentein* i bestemt eintal dativ av substantivet *jente*, medan ein person frå Bøverdalen vil kunne seie (*mæ*) *jentøyn*. Variasjonen i dette dømet føreset at personane framleis nyttar dativ. Vidare vil ein person frå Lom sentrum gjerne seie [hæɪʃ], (subst.eint.hankj. av *hals*), medan ein person frå Bøverdalen gjerne vil seie [hætʃ].

Dialektvarieteteten i Bøverdalen kan karakteriserast som ein ”rand-dialekt”, fordi dalen ligg heilt i utkanten av Lom kommune, med Sognefjellet som grense vestover. Sidan fylkesgrensa mellom Oppland og Sogn og Fjordane går midt på Sognefjellet, vert dette både

¹ Omtala som ”borderline cases” i Nilsen 2001.

eit topografisk og administrativt skilje. I nabokommunen Luster, som ligg på andre sida av Sognefjellet, er dialekten heilt forskjellig frå lomsmålet, òg når det gjeld intonasjonsrealisering.

I arbeidet mitt vil eg òg i ein viss mon trekkje inn dialekten i Skjåk, som er grannekommunen til Lom. Talemåla i desse bygdene kan reknast som ein sams dialekt,² noko mellom andre Asbjørn Dagsgard gjer i boka *Målet i Lom og Skjåk. Ordliste og grammatikk* (2006).³ Dagsgard tek utgangspunkt i at måla i dei to kommunane hovudsakleg har sams grammatikk, men han nemner fleire skilnader og variasjonar når det gjeld segmentalfonologiske og morfologiske tilhøve. Om variasjonane òg går på prosodiske tilhøve, seier Dagsgard lite om.

I eksisterande dialektkart med tonelagskurver som målmerke (Fintoft og Mjaavatt 1980) vert målet i Skjåk framstilt med andre tonelagskurver enn til dømes målet i Lom. I arbeidet mitt vil eg etterprøve gjennom empiriske undersøkingar om deira karakteristikkar av tonelagskurver i loms- og skjåkmål stemmer med dei faktiske tilhøva.

1.2 Problemstilling og mål

Målsetjinga med arbeidet mitt har vore å svare på fylgjande:

1. Korleis vert tonelag 1 og tonelag 2 realisert i lomsmålet?
2. Korleis vert tonelag 1 og tonelag 2 realisert i skjåkmålet? Vil skjåkmålet skilje seg frå lomsmålet når det gjeld tonelagsrealisering?
3. Korleis vert fraseaksenten realisert i lomsmål?
4. Korleis kan stuttstava ord i lomsmål analyserast innan Trondheimsmodellen?
5. Kvifor får somme samansette ord i lomsmål etterleddstrykk, og korleis kan desse analyserast innan Trondheimsmodellen?

Som det går fram av det fyrste spørsmålet i problemstillinga, ville eg finne ut kva som kjenneteiknar tonelagsrealisering i lomsmål. Vidare ville eg samanlikne tonelagsrealiseringa i grannemåla loms- og skjåkmål. Det tredje spørsmålet i problemstillinga handlar om korleis fraseaksenten vert realisert i lomsmål, og fjerde og femte del handlar om korleis dei

² Med unntak av målet lengst sør i Lom kommune (Garmo og søre Lia), som på fleire område har meir sams med dialekten i Vågå, ifylgje Dagsgard (2006:182f).

³ I arbeidet mitt vil eg referere til talemålet i Lom som *lomsmål* og talemålet i Skjåk som *skjåkmål*.

Morsmålsbrukarar vil nok helst seie *lomvêr* og *skjåkvêr*, men sidan dette òg kan referere til ein person som pratar målet, nyttar eg nemninga *mål* for å unngå forvirring.

prosodiske særdraga stuttstavingar og etterleddstrykk i lomsmål kan analyserast i Trondheimsmodellen.

Eitt av måla med forskinga mi er å finne ut kva som kjenneteiknar lomsmålet tonalt sett. Prosjektet mitt er ein del av dialektprosjektet 'Intonasjon som målmerke' ved INL,⁴ som har som mål å kartleggje intonasjonstilhøve i norske dialektar med dei regionale variasjonane som finst innanfor både låg- og høgtonedialektområda. Med utgangspunkt i dei tonale kjennemerka skal det utarbeidast eit nytt kart over det norske dialektlandskapet.

Trass i at intonasjon ofte er noko av det fyrste vi merkar oss når vi høyrer ein dialekt, i tillegg til at han i stor grad gjer oss i stand til å heimfeste ein dialekt, har ikkje intonasjon fått særleg stor merksemd i tradisjonell målføregransking. Intonasjonsforskning er difor eit felt med rom for mykje nybrotsarbeid.

1.3 Metode og analyseverktøy

I arbeidet var eg avhengig av å samle inn munnleg materiale, og eg gjennomførte difor ei empirisk undersøking med lydopptak av informantar frå Lom og Skjåk.

Sjølve undersøkinga var bygd opp av fire delar, der dei tre fyrste delane var forma som eit testmateriale som informantane skulle uttale. Delundersøking I, II og III var bygd opp av ein- og fleirstavingsord og stutte setningar. I del IV gjennomførte eg eit uformelt intervju med kvar informant (5-10 minutt). Ved å nytte både eit konstruert testmateriale og uformelt intervju, ville eg få eit godt bilete av korleis intonasjon og andre prosodiske fenomen ter seg i målføra i Lom og Skjåk.

Som overordna analyseapparat har eg nytta Trondheimsmodellen, som er ein modell for analyse av forma og funksjonen til intonasjon i norsk (sjå Nilsen 1992 for ei detaljert innføring). Eg har nytta modellen sitt notasjonssystem i avhandlinga. Eg seier meir om analyseapparatet i kapittel 2.3.

1.4 Oppbygging av avhandlinga

Dette arbeidet er bygd opp av sju delar, inkludert innleiingskapittelet. I kapittel 2 gjev eg eit oversyn over tidlegare forskning på tonale tilhøve i norsk med hovudvekt på lågtonedialektar. Vidare gjev eg ei nærare innføring i Trondheimsmodellen sitt analyseapparat og tek føre meg nokre tidlegare arbeid om regionale tonale særdrag i lågtonedialektar.

⁴ Dette prosjektet er leidd av Randi Alice Nilsen ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved NTNU.

I kapittel 3 kjem eg inn på tidlegare analysar av prosodiske drag ved dialektane i Nord-Gudbrandsdalen, med vekt på loms- og skjåkmålet.

I kapittel 4 vert planlegging og gjennomføring av undersøkinga presentert.

I kapittel 5 presenterer eg forslag til deskriptive analysar av tonelagsrealisering i loms- og skjåkmål. Eg diskuterer resultatane frå undersøkinga i ljøs av tidlegare arbeid om tonale tilhøve i nordgudbrandsdalsdialekt.

I kapittel 6 ser eg nærare på prosodiske særdrag i lomsmål, som etterleddstrykk og stuttstavingar. Eg legg fram forslag til korleis desse fenomenane kan analyserast ved hjelp av Trondheimsmodellen. I dette kapittelet ser eg òg på korleis fraseaksentar vert realiserte i lomsmålet.

Kapittel 7 inneheld avslutning og oppsummering.

2 Tonelag og intonasjon i norsk

2.1 Tidlegare forskning

I norsk har vi tonelagsopposisjon, noko som vil seie at ord har ein leksikalsk tone, som i mange tilfelle kan ha ein meiningsskiljande funksjon. Tonelagsopposisjon er eit relativt uvanleg fenomen i europeiske språk. Sidan norsk og svensk er blant få språk i vår del av verda som har tonelagsopposisjon, har eldre forskning på tonale tilhøve i desse språka i stor grad handla om dei to tonelaga⁵ og deira form og opphav.⁶ Ein av dei fyrste som tok føre seg tonale tilhøve i norsk, var Johan Storm. Han publiserte i 1874 eit arbeid med tittelen *Om Tonefaldet (Tonelaget) i de skandinaviske Sprog*. Mange tidlege studiar av tonale tilhøve har teke utgangspunkt i uttale av einskildord for å freiste å isolere tonelagsmelodien. Mellom andre meinte Selmer (1921) at ein kunne unngå påverknad frå setningsmelodien, altså intonasjonen, ved å uttale orda isolert. Nilsen skildrar det som ei temmeleg umogleg oppgåve å unngå påverknad frå intonasjon, sjølv i uttale av einskildord (Nilsen 1992:87f). Dette kjem eg attende til i kapittel 5.

2.1.1 Ivar Alnæs og myter om intonasjon

Ivar Alnæs gav ut den fyrste doktoravhandlinga om norsk intonasjon i 1916, *Norsk Sætningsmelodi*, og vert med denne rekna som intonasjonsforskinga sin far i Noreg (Nilsen 1993:169). Avhandlinga til Alnæs handla om søraustnorsk intonasjon, og han skildra og forklara ulike tonale fenomen (Alnæs 1916). Alnæs gjekk mellom anna imot synet om at det eksisterer eit universelt intonasjonsmønster i spørsmål, som går ut på at spørsmålsytringar alltid endar på ein høg tone. Han avviste den såkalla spørsmålsintonasjonen ved å syne at austnorske spørsmål òg kan ende på ein låg tone, og at påstandar kan ende på høg tone. Han dokumenterte dette med konkrete døme (ibid.:155ff). I nyare litteratur om språkvitskap finn ein òg mange døme på at myten om spørsmålsintonasjon framleis lever. I læreboka *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying* av Martin Skjækkeland (2005) kan ein lese fylgjande:

Intonasjonen (setningsmelodien) er framleis ikkje nok utforska i norsk, og me veit difor lite spesifikt om den geografiske variasjonen. Ein liten skilnad kan likevel nemnast: Austnorsk

⁵ Òg kjend som *tonem* eller *ordtonar*, men tydinga er den same.

⁶ Sjå til dømes arbeid av Selmer (1920, 1927), Broch (1935, 1937, 1944), Haugen & Joos (1952), Vanvik (1956, 1966, 1973), Fintoft og Mjaavatt (1980) og Elstad (1980).

markerer spørsmål med sterk stigning i tonen i utgangen av setninga. I vestnorsk finn ein ikkje dette, her har spørsmåla meir nøytral tonegang (Skjekkeland 2005:36).

Ingunn Tronstad har gått nærare inn på den såkalla spørsmålsintonasjonen i avhandlinga si frå 1995. Ho ser mellom anna på korleis innføringsbøker i fonetikk og språkvitskap og lærebøker i nordisk grunnfag handsamar intonasjon (1995:4). I gjennomgangen nyttar Tronstad sitat frå fleire lærebøker, og størsteparten av lærebokforfattarane synest å vere samde om at spørsmålsytringar i norsk vert avslutta med ein høg tone (ibid.:11). Ho observerer òg at det er gjennomgåande lite referansebruk i framstillingane av intonasjon i lærebøkene.

Mange av tankane til Alnæs har vorte vidareutvikla i ettertid innan Trondheimsmodellen. Alnæs sitt arbeid vert elles sjeldan nemnt i faglitteraturen (Tronstad 1995:90f).

2.1.2 Intonasjonsforskning i nyare tid

Dei arbeida som har vorte gjort om norsk intonasjon, er av relativt ny dato, og det var ein lang mellomperiode etter Alnæs der norsk intonasjonsforskning låg meir eller mindre i dvale. Det vert referert til Alnæs i Marthinus Wiggen si hovudoppgåve *Trøndsk ord- og setningsmelodi – serleg bygd på Børsa målføre* (1935) og i artikkelen ”Tone and intonation in East Norwegian” av Einar Haugen og Martin Joos (1952). Den fyrste som vidareutvikla tankane til Alnæs, var derimot Thorstein Fretheim, som tok til å forske på søraustnorsk intonasjon sist på 1970-talet. Thorstein Fretheim og Randi A. Nilsen utvikla Trondheimsmodellen på 1980- og 90-talet. Dette er det fyrste teoretiske rammeverket til analyse av norsk intonasjon. Eg kjem attende til Trondheimsmodellen si oppbygging i kapittel 2.3 nedanfor.

Etter Alnæs (1916) har det vorte skriva berre to doktoravhandlingar om norsk intonasjon: Randi A. Nilsen (1992) *Intonasjon i interaksjon – sentrale spørsmål i norsk intonologi* og Jardar E. Abrahamsen (2003) *Ein vestnorsk intonasjonsfonologi*. I likskap med Alnæs tek Nilsen føre seg søraustnorsk, men ho har òg eit kapittel om trøndersk intonasjon.

Abrahamsen si avhandling er det fyrste større arbeidet om intonasjon i ein norsk høgtonedialekt, og Abrahamsen tek hovudsakleg føre seg sunnmørsk. Av andre arbeid om høgtonedialektar kan Hognestad (1997) nemnast. Han tek føre seg tonelaga i Egersund bymål. Døme på eit større arbeid om nordnorsk intonasjon er Skaalbones (2006) si masteravhandling om prososyntaktiske drag ved verbpartiklar i høgtonedialekten ranamålet. Det finst også

mindre studiar av nordnorsk tonelagsrealisering, til dømes van Dommelen og Nilsen (2002). Elles har det meste innan intonasjonsforskning i Noreg handla om lågtonedialektar.⁷

2.2 Tonelag og intonasjon

Tonelag dreiar seg om leksikalske ordtonar, medan intonasjonsmønsteret i norske ytringar er eit system av leksikalske tonar og fraseaksentueller tonar. Det er realiseringa av tonelaga og fraseaksentane som saman skapar intonasjonsmønsteret i ei gjeven ytring eller ein dialekt (Nilsen 1992:84). Intonasjon er den tonegangen, eller setningsmelodien, vi oppfattar når vi høyrer ytringar.⁸

2.2.1 Ordtonane i låg- og høgtonedialektar

Norske dialektar kan grovt sett delast inn i to hovudtypar: høgtonedialektar og lågtonedialektar. Til dømes er søraustnorsk ein lågtonedialekt, som er kjenneteikna ved L i tonelag 1, og HL i tonelag 2. Dei to hovudsystema kan definerast på fylgjande måte (henta frå Nilsen 1992:84f):⁹

- (1) Høytonedialekt: En dialekt som framviser en grunnfrekvenstopp på det punktet i den tonale foten hvor det er perseptuelt mulig å skille tonelag 1 og tonelag 2 fra hverandre.

Lavtonedialekt: En dialekt som framviser et lavpunkt i grunntonekonturen på det punktet i den tonale foten hvor det er perseptuelt mulig å skille de to tonelagene fra hverandre.

Det er tonelaga som er utgangspunktet for denne inndelinga, altså korleis L- og H-tonane vert realiserte i ein grunntonekontur. Tonelag 1 har berre éin morfoleksikalsk ordtone, og denne tonen er L i lågtonedialektar og H i høgtonedialektar. Vidare vil tonelag 2 innehalde to ordtonar, som er HL i lågtonedialektar og LH i høgtonedialektar (Fretheim og Nilsen 1989a:442f). Det er altså L som er den sams tonen mellom tonelaga i ein lågtonedialekt, og likeeins er det H som er den sams tonen i ein høgtonedialekt. Den avsluttande høge tonen er ikkje ein del av sjølve tonelaget, men han vert omtala som den avsluttande fraseaksenten i terminologien som vert nytta i Trondheimsmodellen (Nilsen 1992:26f). I delkapittel 2.3.3

⁷ Sjå til dømes arbeid av Fretheim (1981,1984,1986,1987,1993), Fretheim og Nilsen (1989b,1990) og Nilsen (1988,1992,2000).

⁸ Intonasjon kan òg omtalast som 'tonefall' eller 'setningsmelodi', men eg vil halde meg til nemninga 'intonasjon' i avhandlinga.

⁹ I denne definisjonen nyttar Nilsen omgrepet 'tonal fot', men i nyare terminologi i Trondheimsmodellen vert omgrepet 'aksentfrase' nytta.

kjem eg attende til fraseaksenten slik han vert definert i Trondheimsmodellen, og kvifor denne ikkje vert rekna som ein del av tonelagsrealiseringa.

I tillegg til at norske dialektar kan delast inn i to hovudsystem finst det òg regionale tonale særdrag og variasjonar innanfor både systema. Til dømes er det fleire intonasjonsmessige skilnader mellom søraustnorsk og trøndersk, sjølv om både er lågtonedialektar (sjå Nilsen 1992 og 2000). Dette kjem eg attende til i kapittel 2.4.

2.2.2 Prosodiske kategoriar

Trykk, kvantitet og tone er som tidlegare nemnt fenomen som kan undersøkast ved hjelp av prosodiske analysar. Når det gjeld trykkfenomenet, er det vanskeleg å kome med ein klår definisjon av kva trykk er. I faglitteraturen vert trykkfenomenet sjeldan eintydig definert, og forfattarane tek som oftast store atterhald i forsøka på å definere trykk (sjå til dømes Katamba 1991:221). Trass i at sjølve trykkomgrepet kanskje ikkje kan definerast på ein eintydig måte, i alle høve ikkje universelt sett, vert det ofte synt til ulike fenomen som kan vere med på å signalisere trykk. I samband med dette vert gjerne stavingsslengd (kvantitet), stavingstyngd og tone nemnt, men dette kan variere frå språk til språk.

I ein del lingvistisk litteratur vert det ikkje sett noko klart skilje mellom trykk og aksent (sjå til dømes Katamba 1991). I Trondheimsmodellen vert omgrepet trykk definert som eit reint rytmeelement, medan aksent har med dei tonale tilhøva å gjere, altså realiseringa av ordtonar og fraseaksentar i ei ytring (Nilsen 1992:26f).

Vidare tek Trondheimsmodellen utgangspunkt i at ord er førehandsmarkerte med potensielt trykk i leksikon. Dersom vi har ei trykksterk (lang) staving som i tillegg er berar av eit tonelag, vert det kalla primærtrykk.¹⁰ Stavingar med primærtrykk markerer starten på eininga aksentfrase (AP) innan Trondheimsmodellen. Trykk er altså ein føresetnad for ordaksentuering (tonelagsrealisering), men ei staving som har trykk er ikkje nøydd til å vere aksentuert (Fretheim 1984:50). Tonelag vert til dømes ikkje realisert i stavingar med sekundærtrykk.


¹⁰ Det er ikkje alltid naudsynt med ei lang staving for å realisere primærtrykk (og tonelag), som vi skal sjå i kapittel 6 i samband med stuttstava ord i lomsmål.

2.3 Trondheimsmodellen

2.3.1 Dei prosodiske kategoriane

Innan Trondheimsmodellen ser ein på intonasjonssystemet som ein autonom grammatisk komponent som interagerer med syntaks, leksikon og kontekst (sjå Nilsen 1992 for ei fullstendig innføring). Med føremålet mitt i dette arbeidet har eg nytta den prosodiske representasjonen i modellen. Figur 2-1¹¹ nedanfor syner oppbygginga til Trondheimsmodellen, og eg har markert delen eg skal nytte meg av.

Figur 2-1 Trondheimsmodellen




Dei prosodiske kategoriane i Trondheimsmodellen er hierarkisk ordna i fem nivå: staving (σ), prosodisk ord (ω), aksentfrase (AP), intonasjonsfrase (IP) og intonasjonsytring (IU). Dei tre

¹¹ Figur 2-1 er henta frå Nilsen 2003:320.

øyste nivåa er reint tonalt definerte, medan det prosodiske ordet er både tonalt og leksikalsk definert, sidan ord er spesifiserte med tonelag frå leksikon (Nilsen 1992:23ff, 64ff). I figur 2-2 gjev eg døme på ein prosodisk trestruktur for korleis ordet *betale*, som har trykklett fyrstestaving, vert analysert når det er uttala i isolasjon.


Figur 2-2 Prosodisk trestruktur



I Trondheimsmodellen ligg tonane på eit sjikt mellom stavingsnivået og fonemnivået, og dei vert knytte til den prosodiske trestrukturen ved hjelp av assosiasjonslinjer. Ideen med å trekkje assosiasjonslinjer frå eit tonesjikt opp til høgare nodar i ein struktur har Trondheimsmodellen henta frå Pierrehumbert & Beckman (1988). Ideen med eit lineært tonesjikt er henta frå autosegmental fonologi, som stammar frå Goldsmith (1990). Goldsmith sin autosegmentale analysemodell har ei multilineær tilnærming, slik at assosiering berre kan gjerast mellom parallelle sjikt, og ikkje til nodar høgare opp i ein prosodisk struktur. I Trondheimsmodellen er det derimot fullt mogleg å trekkje assosiasjonslinjer frå til dømes tonesjiktet til høgare nivå i treet (Nilsen 1992:64ff).

I figur 2-3 ser vi korleis ein full prosodisk representasjon med tonesjikt vil sjå ut for ordet *betale*, der tonelaget vert realisert på andre staving. Assosiasjonslinjene knyter tonar til stavingar og jamvel til einingar høgare opp i treet for å markere fonologisk tilhøyr.

Figur 2-3 Prosodisk trestruktur m/tonesjikt




Stavinga er den toneberande eininga i Trondheimsmodellen, men det er fullt mogleg å utvide hierarkiet med eit moranivå (μ) som kan fungere toneberande.¹² I kapittel 6 kjem eg attende til korleis ein kan utvide den prosodiske trestrukturen ved å dele stavingane inn i moraer.

2.3.2 Grunntonekonturar og prosodiske tre

For å studere intonasjonskonturar er det naudsynt å nytte ein pitch-computer eller eit dataprogram som registrerer Hz-verdiane i grunntonekonturane. Ved hjelp av konturane er det mogleg å identifisere dei ulike prosodiske nivåa. Som synt i konturen i figur 2-4 nedanfor, går grunntonemønsteret opp og ned i toppar og dalar, og desse syner kvar i strukturen vi har tonelagsrealiseringar og fokale og ikkje-fokale aksentueringar. Slik vert det mellom anna mogleg å vite kvar ein skal trekkje AP- og IP-grensene. I grunntonekonturen er AP-grensene markerte med vertikale strekar.

¹² Moraer vert nytta for å syne kvantitet og vekt i fonologiske analysar (sjå til dømes Hayes 1995:52f).

Figur 2-4 Grunntonekontur




I figur 2-4¹³ er det setninga ”Thorstein snakker bestandig om intonasjon” som er uttala med søraustnorsk intonasjon. Med Trondheimsmodellen sitt notasjonssystem må ytringa transkriberast som i (2) nedanfor.¹⁴ Det må strekast under at dette berre er éin av mange måtar å intonere denne setninga på.

(2) (((²thorstein_{AP})(²snakker-be_{AP})(¹standig-om-intona_{AP})(¹SJON_{AP})IP)IU)

Den prosodiske trestrukturen for ytring (2) er synt i figur 2-5:

Figur 2-5 Prosodisk trestruktur for ytring (2)¹⁵



Ei intonasjonsytring (IU) kan vere sett saman av maksimalt to intonasjonsfrasar (IP). I ytringa i (2) er det berre éin fokalt aksentuert aksentfrase (AP), og difor også berre éin IP. Lenger nedover i hierarkiet er IPen sett saman av fire APar. Under AP-nivået finn vi det prosodiske ord-nivået, og det prosodiske ordet overlappar ikkje alltid det leksikalske ordet, noko vi finn

¹³ Brota i konturen syner ustemde segment i talesignalet.

¹⁴ Ytringa i (2) er henta frå Nilsen 2003:323, og grunntonekonturen i figur 2-4 er henta frå Nilsen 1992:28.

¹⁵ Trestrukturen i 2-5 er henta frå Nilsen 1992:66. Her vart omgrepet ’tonal fot (F)’ nytta, men i nyare analysar innan Trondheimsmodellen vert omgrepet ’aksentfrase (AP)’ nytta. Eg vil heretter halde meg til sistnemnde.

døme på i denne ytringa. Den siste APen har det prosodiske ordet ¹SJON_ω, som er ein del av det leksikalske ordet *intonasjon*. Grunnen til at det ikkje er samanfall mellom det leksikalske og det prosodiske ordet (ω) er fordi det prosodiske ordet alltid må innleiast med ei trykksterk staving. Sidan primærtrykket i *intonasjon* ikkje kjem før på siste staving, vil dei tre fyrste stavingane høyre med i APen føre, (¹standig-om-intona_{AP}).

Som vi ser, ligg tonane på eit eige sjikt i strukturen, og er assosierte til ulike høgare nivå i treet (Nilsen 1992:65). Toneassosiasjonane gjer det mogleg å syne ulike eigenskapar ved APen. Assosiasjonslinjene mellom tonesjikt og stavingsnivå gjer det tydeleg kvar tonane manifesterer seg fonetisk, medan assosiasjonslinjer mellom tonesjikt og nodar høgare opp i treet syner kvar tonane strukturelt (fonologisk) høyrer heime.

2.3.3 Fraseaksenten – ikkje ein del av tonelaget

Tonelaga (ordtonane) dannar saman med fraseaksenten grunnlaget for den prosodiske eininga aksentfrase (AP) i Trondheimsmodellen. Medan tonelaga innleier ein aksentfrase, vil ein fraseaksent markere slutten på ein aksentfrase (Nilsen 1992:26f).

Som vi såg i delkapittel 2.2.1 er tonelag 1 i ein lågtonedialekt berre den leksikalske ordtonen L, medan den fullstendige melodien i ein tonelag 1-AP (eller tonelagskurve i Fintoft og Mjaavatn si framstilling, sjå delkapittel 2.4.2) er LH. Likeeins vil den leksikalske ordtonen vere HL for tonelag 2, medan den fullstendige melodien i ein tonelag 2-AP vil vere HLH i ein lågtonedialekt. I figur 2-6 under er tonelaga markerte med feit skrift. Den siste tonen i kvar melodi kjem ikkje frå leksikon, og er heller ikkje ein del av sjølve tonelaget, men representerer den avsluttande fraseaksenten i ein aksentfrase. I figuren er òg det tilsvarande mønsteret i høgtonedialektar teke med for samanlikning:

Figur 2-6 Fordelinga av tonar i låg- og høgtonedialektar

	Lågtonedialekt	Høgtonedialekt
Tonelag 1-AP	L H	H L
Tonelag 2-AP	HL H	LH L

Den avsluttande fraseaksenten i lågtonedialektar er ein middels høg eller høg tone (H) – han kan vere fokal [+FOK] eller ikkje-fokal [-FOK] ut frå høgda på slutt-tonen i aksentfrasen. Dersom ein aksentfrase vert avslutta med ein relativt sett høgare tone enn dei andre aksentfrasane, altså ein merkbart høgare topp i grunntonekonturen, vil denne aksentfrasen ha draget [+FOK] (Nilsen u.a.:23f). Fokal aksentuering av aksentfrasar dannar grunnlaget for inndeling i intonasjonsfrasar (IP). Ein IP kan vere sett saman av fleire prefokale APar, men den siste APen er alltid fokal (Nilsen 2000:223). Ein høg topp i ein grunntonekontur indikerer at den gjeldande APen har draget [+FOK], dermed er det òg ei avsluttande grense for ein IP (Nilsen 1992:30).

2.4 Lågtonedialektar – eitt fast mønster?

Inndelinga i to hovudsystem, altså låg- og høgtonedialektar, fylgjer til ein viss grad den dialektologiske inndelinga i austnorsk og vestnorsk. Dette vil seie at dei dialektane som høyrer heime i det vestnorske området (vestlandske, nordnorske og dei fleste sørlandske dialektane) i all hovudsak er høgtonedialektar, og at dei dialektane som høyrer heime i det austnorske området (austlandsk og trøndersk) er lågtonedialektar (Nilsen 1992:85, 2000:219f). Det er likevel verdt å merke seg at ein stor del av det vestnorske området har lågtonedialektar. Dette gjeld mellom anna eit område i Rogaland, som inkluderer Sauda, Haugesund og Karmøy, og delar av Sunnhordaland (Nilsen 2000:220). I tillegg er det meste av Aust-Agder lågtonedialektal (Nilsen 2001).

2.4.1 Regionale særdrag

Det finst fleire tonale variasjonar og særdrag innan både låg- og høgtoneområdet. I tillegg til regionale tonale særdrag innan hovudområda, finst det såkalla overgangsområde, som er kjenneteikna ved at prosodien i dialekten har drag frå både høg- og lågtonesystemet. Døme på slike område finn ein i Romsdalen (sjå undersøkingar av Fretheim og Nilsen 1989a), delar av Helgelandskysten og i grenseområda mellom Aust- og Vest-Agder (sjå undersøkingar av Nilsen 2001).

Sjølv om lågtonedialektar er definerte ut frå hovudmønsteret LH for tonelag 1 og HLH for tonelag 2, tyder ikkje dette at det ikkje finst skilnader mellom lågtonedialektar. Ein del av desse dialektane har vorte undersøkte, fyrst og fremst av Nilsen (1992, 2000 og 2001), og undersøkingane har avdekt fleire intonasjonsmessige variasjonar mellom dialektane i lågtoneområdet. Men kva går desse variasjonane ut på? Nilsen tek utgangspunkt i fylgjande


spørsmål i doktoravhandlinga si: Har skilnadene med ordtonar å gjere, eller dreiar det seg om fraseaksentuelle skilnader? Eller som eit tredje alternativ, er det ein kombinasjon av korleis ordtonar og fraseaksent manifesterer seg? (Nilsen 1992:84). Seinare i kapittelet kjem eg attende til det Nilsen har funne ut om regionale tonale særdrag i Trøndelag og i Haugesundsområdet.

2.4.2 Tonelagskurver og forseinka fraseaksentar i trønderesk

I delkapittel 1.1.2 nemnde eg Fintoft og Mjaavatn sitt dialektkart med tonelagskurver som målmerke. Karta vart laga med utgangspunkt i ei undersøking som Fintoft og Mjaavatn gjennomførte i siste halvdel av 1970-talet, der det vart gjort lydopptak av rundt 1000 informantar frå 450 stader i Noreg. Informantane skulle lese inn 40 ordpar plasserte i beresetninga *Det var ___ du sa* (Fintoft og Mjaavatn 1980:67). Valet av setning vart grunngjeve med at "[...] den er innholdsmessig relativt nøytral, testordet forekommer ikke finalt og er dermed mindre påvirket av intonasjon [...]" (loc.cit.).

Fintoft og Mjaavatn nytta ei lineær, fonetisk tilnærming for å analysere norske tonelag. Med utgangspunkt i gjennomsnittsverdien av grunntonerealiseringane i testorda når dei vart isolerte frå beresetninga, konstruerte Fintoft og Mjaavatn fire tonelagstypar, som dei meinte var dei fire måtane tonelag 1- og tonelag 2-kurver vert realiserte på i norske dialektar. Resultata vart publiserte i artikkelen "Tonelagskurver som målmerke" i 1980. Seinare har Nilsen peika på fleire veikskapar både ved resultat og metodebruk i arbeidet til Fintoft og Mjaavatn (sjå Nilsen 1992:85ff). Likevel har karta og tonelagskurvene deira vorte nytta og referert til òg i nyare lærebøker om dialektologi, sjå mellom andre Skjekkeland (2005:201f). Tonelagstypane¹⁶ frå undersøkinga til Fintoft og Mjaavatn er attgjevne i figur 2-7 nedanfor:


Figur 2-7 Tonelagskurver




¹⁶ Tonelagskurvene er henta frå Fintoft og Mjaavatn 1980:69.

Figur 2-8 og 2-9 syner karta¹⁷ med inndelinga av tonale isoglossar i Sør-Noreg. I karta har eg markert Lom kommune med raudt, og Skjåk kommune med grønt.

Figur 2-8 Tonale isoglossar for Sør-Noreg – tonelag 1



Figur 2-9 Tonale isoglossar for Sør-Noreg – tonelag 2



Som vi ser, er lomsmål framstilt med type D for tonelag 1-konturen og type A for tonelag 2-konturen, medan skjåkmål har type A for tonelag 1-konturen og type B for tonelag 2-konturen. Skjåk er dermed plassert utanfor det øvrige nordgudbrandsdalske dialektområdet når det gjeld tonelagsrealisering, og både lomsmål og skjåkmål er gjevne andre tonelagskurver enn søraustnorsk. Eg kjem attende til denne inndelinga i delkapittel 3.2.1.

Søraustnorske tonelag 1-konturar har type C og tonelag 2-konturar har type D i Fintoft og Mjaavatn sitt system, noko som stemmer bra overeins med det typiske mønsteret for aksentfrasar i lågtonedialektar. I trøndersk hevdar dei at baa tonelagskonturane vert realiserte med type D (1980:71ff). At trøndersk vert framstilt med type D for tonelag 1-konturen, med ein initial høg tone som ein del av tonelaget, stiller Nilsen seg kritisk til (1992,2000). Med utgangspunkt i tilhøvet mellom realisering av ordtonar og fraseaksentar, foreslår ho at det ho


¹⁷ Karta er attgjevne frå Fintoft og Mjaavatn 1980:71,78.

kallar forseinka fraseaksentar kan vere ei forklaring på Fintoft og Mjåvatn sine resultat for trøndersk. Ytringa i (3) er eit døme på ein IU med to fokale APar:

(3) ((det kommer^{(2)NEPPE_{AP}})_{IP})(^{(1)FLERE_{AP}})_{IU})¹⁸

Transkripsjonen er lik for trøndersk og søraustnorsk, men skilnaden mellom dei to dialektane ser ein tydeleg av grunntonekonturane nedanfor:

Figur 2-10 Grunntonekontur for trøndersk ytring



Figur 2-11 Grunntonekontur for søraustnorsk ytring



Her ser vi at dei ytringsinitiale stavingane *det kommer* vert uttala trykklett og tonalt fritt i både dialektane. Trykklette innleiande stavingar vert kalla anakrustiske stavingar innan Trondheimsmodellen (Nilsen 1992:91,94f). Som vi ser av transkripsjonen i (3), kjem dei anakrustiske stavingane føre tonelagsrealiseringa i den fokale tonelag 2-APen (^{(2)NEPPE_{AP}}). Den siste APen i ytring (3) er den fokale tonelag 1-APen (^{(1)FLERE_{AP}}).


I grunntonekonturen for trøndersk i figur 2-10 kan det sjå ut som at tonelag 1-APen (^{(1)FLERE_{AP}}) startar med ein høg tone, noko som med det same kan tyde på at tonelag 1 i trøndersk vil skilje seg frå mønsteret vi finn elles i lågtonedialektar, der tonelag 1 er kjenneteikna av ein låg tone i starten av ein aksentfrase.

¹⁸ Ytringa i (3) og grunntonekonturane i 2-10 og 2-11 er henta frå Nilsen 1992:86, medan dei prosodiske trestrukturane i 2-12 og 2-13 er henta frå ibid.:92f.


Figuren i 2-11 syner den søraustnorske uttala av same ytring, og denne ser ut til å stemme bra overeins med definisjonen av ein lågtonedialekt. Tonelag 1-APen her har ingen initial topp slik den trønderske grunntonekonturen tydeleg har. Men vil dette seie at dei to dialektane har ein skilnad i realisering av tonelaga, eller er det andre tilhøve som spelar inn? Med utgangspunkt i Trondheimsmodellen foreslår Nilsen at den høge tonen i starten av tonelag 1 i trøndersk kan analyserast som ein forseinka fokal topp frå APen føre (Nilsen 2000:228). Ifylgje Nilsen bør den initiale toppen i tonelag 1-APen (¹FLERE_{AP}) heller tolkast som eit fonetisk drag som fonologisk høyrer til tonelag 2-APen framom, (²NEPPE_{AP}) (Nilsen 1992:91ff).

Dei prosodiske trestrukturane for høvesvis trøndersk og søraustnorsk er synt i figurane 2-12 og 2-13.

Figur 2-12 Prosodisk trestuktur av trøndersk uttale av ytring (3)



Figur 2-13 Prosodisk trestuktur av søraustnorsk uttale av ytring (3)



I figur 2-12 ser vi at den siste høge tonen, altså den fraseaksentuella H-tonen i (²NEPPE_{AP}), er assosiert til stavingsnivået initialt i den etterfylgjande APen (¹FLERE_{AP}) for å markere fonetisk realisering, samstundes som han er assosiert til AP-nivået i (²NEPPE_{AP}) for å syne kvar han høyrer til fonologisk. I den tilsvarende figuren for søraustnorsk i figur 2-13, ser vi at den fraseaksentuella H-tonen er assosiert til siste staving i (²NEPPE_{AP}), og fraseaksenten er altså ikkje forseinka i den søraustnorske uttala.

I trøndersk er det eit vanleg fenomen at fraseaksenten vert forskuva til fyrste staving i den etterfylgjande APen. Det er ein føresetnad at det finst fleire stavingar å forskuve den høge tonen til, og dersom det ikkje er det, vil fraseaksenten i APen verte realisert på same måte som i søraustnorsk (som er tilfelle med den avsluttande fraseaksenten i tonelag 1-APen

(¹FLERE_{AP}) (Nilsen 2000:228f). Det same er òg tilfelle når ord vert uttala i isolasjon (ibid.:225f).

Skilnaden mellom trøndersk og søraustnorsk er dermed ikkje ein skilnad i korleis tonelaga kjem til uttrykk, men i korleis fraseaksenten vert realisert. Trondheimsmodellen sitt hierarkiske analyseapparat greier å få fram denne skilnaden, medan Fintoft og Mjaavatn sin lineære tilnæringsmåte synest å ha ein del veikskapar.

2.4.3 AP-eksterne stavingar i haugesundsk

I artikkelen ”Tonal variasjon i norske lågtonedialektar” ser Nilsen òg på ein del døme frå haugesundsdialekten (2000). Dette er i likskap med søraustnorsk og trøndersk ein lågtonedialekt, trass i at Fintoft og Mjaavatn nyttar andre tonelagskurver for å skildre dialekten, nemleg kurve A i baa tonelag (1980:71,78). Nilsen er usamd i denne framstillinga, og hevdar at det heller ikkje her dreiar seg om ein skilnad i tonelagsrealisering. Haugesundsk har likevel eit særdrag ved at dette målet kan realisere AP-eksterne stavingar på fallande konturar (Nilsen 2000:233f). I trøndersk er det òg vanleg med AP-eksterne stavingar, men i haugesundsk vert det nytta noko annleis.¹⁹ I denne dialekten hender det at AP-konturen vert avslutta før sjølve ordet, slik at resten av stavingane kjem AP-eksternt. Nilsen stiller spørsmål om dette fenomenet i haugesundsdialekten kan skuldast påverknad frå det nærliggjande stavangerske intonasjonssystemet, som nyttar mønsteret med AP-eksterne stavingar til vanleg. Vidare stiller ho spørsmål om mønsteret kan verte nytta for å oppnå ein viss pragmatisk effekt, til dømes i samband med fokusering (ibid.:234). Denne variasjonen er med på å skilje haugesundsk frå andre lågtonedialektar, som til dømes trøndersk og søraustnorsk.

Det som Fintoft og Mjaavatn hevdar er ein tonelagsskilnad mellom søraustnorsk, trøndersk og haugesundsk, hevdar Nilsen ikkje har noko med tonelagsrealisering å gjere. Tvert om hevdar ho at variasjonane mellom desse lågtonedialektane er på grunn av fraseaksentuelle tilhøve, og at tonelag 1 og 2 (ordtonane) vert realiserte likt i dei tre dialektane som L og HL, medan tonegangen i aksentfrasen (kalla tonelagskurve hjå Fintoft og Mjaavatn) vil vere høvesvis LH og HLH når ord vert uttala i isolasjon (Nilsen 2000:221).

¹⁹ Nilsen seier meir om trøndersk ekstratonalitet (2000:229-232) i same artikkel, men eg går ikkje nærare inn på fenomenet i dette arbeidet.

3 Tidlegare arbeid om prosodi i Nord-Gudbrandsdalen

3.1 Dialektologisk vinkling

Målføra i Nord-Gudbrandsdalen høyrer innunder det midlandske dialektområdet, som er ei forgreining av det austnorske området, ifylgje dialektologisk klassifisering. Når desse dialektane vert nemnde i lærebøker i dialektologi, vert det gjerne gjeve døme på arkaiske drag, mellom anna finst det tydelege spor etter det norrøne kvantitets- og kasussystemet. Dialektane her har framleis mange ord med stutte trykksterke stavingar, noko som inneber at ei staving kan få primærtrykk sjølv om ho har stutt vokal og stutt konsonant. Dette skil seg frå moderne norsk elles, der ei staving må vere lang for å kunne få primærtrykk, enten ved at ho har ein lang vokal eller stutt vokal fylgd av lang konsonant (Christiansen 1946-48:34ff). I tillegg til kvantitetssystemet vert òg etterleddstrykk stundom nemnt i samband med prosodiske tilhøve i målføra i Nord-Gudbrandsdalen. Dette fenomenet er til stades i somme samansette ord i desse målføra, og vil enkelt forklart seie at primærtrykket kjem i andre samansetjingsledd (ibid.:197ff). I dei fleste andre målføre vil primærtrykket verte realisert i fyrste samansetjingsledd.

3.1.1 Lærebøker og prosodi

Eldre lærebøker i dialektologi som tek føre seg prosodi i målføra i Nord-Gudbrandsdalen er mellom andre Hallfrid Christiansen si bok *Norske dialekter* (1946-48). Ho dreg inn ein del døme frå målføra her i samband med dei nemnde fenomenene stutte trykksterke stavingar og etterleddstrykk (ibid.:34ff,195ff).

Nyare lærebøker i dialektologi som tek føre seg målføra i Nord-Gudbrandsdalen er mellom andre Sandøy (1992, 1996), Papazian og Helleland (2005) og Skjekkeland (2005). I desse blir det sagt lite om prosodiske tilhøve i dette området utover kvantitetssystemet.

Det er i stor grad segmentalfonologiske og morfologiske tilhøve som har vorte handsama innan norsk dialektologi, og prosodiske tilhøve har ikkje vorte særskilt vektlagde som målmerke i norske dialektar.

3.1.2 Lokale arbeid om prosodi

Lokale forfattarar som har teke føre seg loms- og skjåkmål er mellom andre Ekre (1960), Langleite (1974), Haug (2002) og Dagsgard (2006). Forfattarane av desse arbeida har i stor grad handsama leksikalske, morfologiske og segmentalfonologiske tilhøve, men prosodiske tilhøve vert òg nemnt, mest inngåande hjå Ekre (1960). Eit anna arbeid der prosodiske tilhøve i måla i Nord-Gudbrandsdalen vert handsama, er Horne (1917) si avhandling om aksent²⁰ og kvantitet i vågåmålet.

Lars Ekre si bok *Opplysningar til stadnamn frå Midt-Jotunheimen og tilgrensande bygder* frå 1960 tek fyrst og fremst føre seg etymologien og uttala til stadnamn, men boka vert innleidd med ein generell del om målføregrunnet i bygdene det gjeld. Ekre har eit eige delkapittel der han tek føre seg 'dynamisk aksent' og 'musikalsk aksent'. I samband med den dynamiske aksenten, gjer Ekre greie for nokre kjenneteikn ved trykkplassering i dialektane i Lom og Skjåk. Dette gjeld mellom anna samansette ord med etterleddstrykk og nokre vilkår som synest å verke i samband med dette avvikande trykkmønsteret. Han peikar på at både stavinglengd og stavingstal i fyrste samansetjingsledd er avgjerande for korleis trykket vert plassert (Ekre 1960:10ff). Han peikar òg på at det ser ut til å vere ein skilnad mellom vågåmål og loms- og skjåkmål når det gjeld trykkplassering. Målet i Lom og Skjåk vil ha tydelegare etterleddstrykk i somme ord enn tilsvarande ord vil ha i vågåmålet. I sistnemnde vil det vere meir vekt på det fyrste leddet i samansetjinga, meiner Ekre (ibid.:10).

Ekre skriv òg om tonelag, eller den 'musikalske aksenten', som han omtalar som 'aksent 1' og 'aksent 2'.²¹ Han kjem med nokre generelle merknader til tonelaga i lomsmål og skjåkmål der han samanliknar desse måla med tonelaga i austlandsk:

Vi finn på det næraste samsvar med den vanlege austlandske ordtonen. Det karakteristiske for den er som kjent at aks. 1 har ei relativt jamn stigning frå sterk lågtone til veikare høgtone [...] Aks. 2 har på fyrste staving ein heller jamn fallande tonegang, og på andre staving ein stigande som når høgare enn utgangspunktet for den fyrste, slik at også aks. 2 gjerne let etter seg eit inntrykk av stigning (Ekre 1960:16).

Ekre ser ut til å meine at det karakteristiske ved tonale tilhøve i dialektane i Lom og Skjåk samanlikna med austlandsk, ikkje dreiar seg om ein skilnad i ordtonar. Likevel nemner Ekre at desse dialektane har visse tonale særdrag – eller ein "dåm", som han kallar det – som ein ikkje finn i austlandsk. Han peikar på at denne "dåmen" kan skuldast dei mange stutte stavingane i målføret, og at dette påverkar tonegangen (Ekre 1960:16).

²⁰ Omgrepet 'aksent' vert i Horne (1917) nytta om trykkplassering, og ikkje om tonale tilhøve slik Trondheimsmodellen nyttar omgrepet.

²¹ I Ekre (1960) vert tonelag 1 markert med akutt aksent ' og tonelag 2 vert markert med gravis aksent `.

I boka *Målet i Lom og Skjåk. Grammatikk og ordliste* tek Asbjørn Dagsgard (2006) føre seg grammatikken til loms- og skjåkmål, og han handsamar denne som éin dialekt. Dagsgard tek primært føre seg morfologi og fonologi, men han seier òg litt om kvantitetssystemet (ibid.:146ff,161ff). Dagsgard har i tillegg eit avsnitt om trykk og etterleddstrykk, der han stipulerer nokre reglar for korleis trykket vert plassert i samansetjingar i loms- og skjåkmål (ibid.:181).²² Vanlegvis vil samansette ord i desse målføra ha primærtrykk på fyrste staving i fyrste ledd, men nokre samansetjingar vil ha primærtrykket i andre samansetjingsledd, såkalla etterleddstrykk (loc.cit.). I likskap med Ekre (1960) meiner Dagsgard at det er tal og lengd på stavingar i samansetjinga som er avgjerande for korleis trykket vert plassert, og han gjev ein del døme på samansetjingar med ein- og tostavings fyrsteledd. Han skriv fylgjande om kva som avgjer trykkplasseringa:

Plasseringa av trykket avheng av korleis dei orda som går inn i samansetninga, er oppbygde. Såleis er stavingslengd og tal på stavingar i førsteleddet avgjerande, medan berre lengda i første stavinga i etterleddet har noko å seie (Dagsgard 2006:181).

Dagsgard kommenterer ikkje noko særskilt rundt kva som kjenneteiknar tonelagsrealiseringa i ord med etterleddstrykk, anna enn sist i delkapittelet, der han nemner han eit par unntak frå reglane om etterleddstrykk:

Når er ikkje desse reglane heilt utan unntak. Til dømes heiter det *brin'gebær*, *haig'gjevær*, *råg'nebær* med hovudtrykk på fyrsteleddet. Det er framleis ei gåte kvifor desse bærsortane ikkje får det "normale" etterleddstrykket, men ein meiner at det blir hindra av einstavings tonelag i førsteleddet (Dagsgard 2006:181).

Eg kjem attende til fenomenet etterleddstrykk og stuttstavingar i kapittel 6 om prosodiske særdrag i lomsmål.

3.2 Fonetiske og fonologiske tilnærmingar

I den grad det har vorte forska spesielt på tonale tilhøve i målføra i Lom og Skjåk, har det dreidd seg rundt dei to tonelaga. Fintoft og Mjaavatt (1980) og Kristoffersen (2007a) er døme på arbeid som tek føre seg tonelagsrealisering i dialektane i Nord-Gudbrandsdalen.

²² Innhaldet i denne delen er i stor grad henta frå Erling Langleite sitt arbeid "Gudbrandsdalsmål" frå 1974.


3.2.1 Tonelagskurver i Lom og Skjåk

Som vi såg i dialektkarta²³ til Fintoft og Mjaavatn i figur 2-8 og 2-9, vart lomsmål og skjåkmål framstilte med fylgjande tonelagskurver (figur 3-1 og 3-2):

Figur 3-1 Tonelagskurver for lomsmål



Figur 3-2 Tonelagskurver for skjåkmål



I denne inndelinga er lomsmål framstilt med type D for tonelag 1 og type A for tonelag 2. Skjåkmål har type A for tonelag 1 og type B for tonelag 2 – noko som kan tolkast som ein typisk vestnorsk tonegang med HL i tonelag 1-kurver og LHL i tonelag 2-kurver. Fintoft og Mjaavatn forklarar tonelagskurvene i skjåkmålet på fylgjande måte:

Fra disse figurene ser vi at i Vest-Norge har kurva for tonem 1 én topp i begynnelsen av den trykksterke stavelsen. Det er interessant å legge merke til at Skjåk tilhører dette tonemområdet. Den samme kurveformen er også funnet i en del tilfeller lenger ned i Ottadalen. Dette vestnorske drag gjenspeiler vel tidligere tiders samferdsel mellom Øst- og Vestlandet (Fintoft og Mjaavatn 1980:70).

Som eg var inne på i delkapittel 3.1.2, vert måla i grannekommunane Lom og Skjåk ofte handsama som ein og same dialekt grunna store likskapar både i ordtilfang og grammatikk. Dersom det er tilfelle at skjåkmålet er tonalt prega av høgtonedialektane på andre sida av Strynefjellet, skulle ein tru at lomsmålet hadde fått tilsvarende preg på grunn av ferdsel over Sognefjellet frå gamalt av – men lomsmålet vert framstilt med andre tonelagskurver enn skjåkmål. At dei to grannemåla vert skildra som så tonalt forskjellige, når dei elles har svært mykje sams, gjer det naudsynt å etterprøve Fintoft og Mjaavatn sine resultat.

²³ Sjå karta over tonale isoglossar i 2.4.2.

3.2.2 Tonal variasjon mellom nordgudbrandsdalsdialekt, oppdaling og søraustnorsk

I artikkelen "Dialect variation in East Norwegian tone" (2007a) samanliknar Gjert Kristoffersen data frå søraustnorsk, oppdalsdialekt og nordgudbrandsdalsdialekt. I fyrste del av artikkelen nyttar han ein kombinasjon av fonetisk og autosegmental fonologisk tilnærming for å analysere tonelagsrealisering i dei tre dialektane. Det er altså ikkje ein rein lineær analyse slik som Fintoft og Mjaavatn har nytta, sidan Kristoffersen òg inkluderer døme på autosegmental analyse med lenker mellom to nivå, tonesjikt og stavingnivå.²⁴ I analysane nyttar han både stavingar og moraer som toneberande einingar. Han tek utgangspunkt i at stavinga er den toneberende eininga i søraustnorsk og nordgudbrandsdalsdialekt, medan moraen er den toneberende eininga i oppdalsdialekt (2007a:100ff).

Kristoffersen syner til to konkurrerende hypotesar i skandinavisk tonelagsanalyse: *privativitets-hypotesen* og *timing-hypotesen*.²⁵ Privativitets-hypotesen går ut på at tonelag 2 har ein leksikalsk spesifisert tone til venstre som ikkje er til stades i tonelag 1. I lågtonedialektar vil tonelag 1 ha melodien LH, medan tonelag 2 vil ha melodien HLH. Det er dermed den initiale høge tonen som er skilnaden mellom dei to tonelaga. I timing-hypotesen vert det teke utgangspunkt i at dei to tonelaga har identisk melodi, det vil seie HLH i lågtonedialektar, og at skilnaden går ut på om det er den låge eller høge tonen som vert assosiert til den trykksterke stavinga (Kristoffersen 2007a:94). Dette vert synt ved å markere ein asterisk like etter tonen som ber primærtrykket, slik at H*LH representerer tonelag 2 og HL*H representerer tonelag 1 (loc.cit.). Kristoffersen hevdar at også oppdaling og nordgudbrandsdalsdialekt må analyserast ut frå denne hypotesen. Det vil seie at desse dialektane har ein underliggjande, identisk melodi, og at ulik timing av melodien fører til skilnaden mellom dei to tonelaga:

[...] two East Norwegian dialects, North Gudbrandsdal and Oppdal should be analyzed as having identical melodies. Both accent 1 and 2 manifest HLH melodies, with different timing of the HL part as the factor that distinguishes the accents (Kristoffersen 2007a:94).

Sidan hypotesen tek utgangspunkt i ein sams melodi, vil tonelag 1 i likskap med tonelag 2 ha ein initial høg tone (H) som kjem til uttrykk når visse prosodiske vilkår er til stades:

²⁴ Kristoffersen (2007a) nyttar i tillegg optimalitetsteori (OT) for å analysere dei tre dialektane, men i dette arbeidet tek eg utgangspunkt i dei fonetisk-fonologiske analysane.

²⁵ Omtrentleg omsett frå 'privativity hypothesis' og 'timing hypothesis', som er omgrepa Kristoffersen nyttar (2007a).

I assume that if there is an initial H in accent 1 on the pre-stress syllable as part of the accentual melody, it can only be detected if we can be reasonably sure that the syllable preceding the stressed, accented syllable does not carry a high tone that can have other origins, e.g. as a final boundary tone at the right edge of a preceding accent phrase. The data from all three dialects have therefore been taken from accented words read in carrier sentences with at least two utterance-initial unstressed (anacrustic) syllables [...] In other words, any presence of a high tone on the pre-stress syllable in this environment in accent 1 will represent strong evidence in favour of there being an initial H also in the accent 1 melody (Kristoffersen 2007a:96).

Av dei tre dialektane artikkelen handlar om, hevdar Kristoffersen at det berre er i nordgudbrandsdalsdialekten at ein høg tone vil kome til uttrykk på ei ledig toneberande eining²⁶ føre stavinga med primærtrykk i tonelag 1 (Kristoffersen 2007a:101ff). Eg kjem attende til Kristoffersen si analyse av tonelag 1-ord med trykklett fyrstestaving i kapittel 5.

²⁶ 'Toneberande einingar' vert gjerne stytta til TBU (= tone bearing unit) (Kristoffersen 2000:241).

4 Samling og organisering av datamateriale

4.1 Prosodiske drag ved måla i Lom og Skjåk

For å kunne svare på problemstillingane mine kring tonale og andre prosodiske drag ved loms- og skjåkmålet, gjennomførte eg som nemnt ei firedelt undersøking med morsmålskompetente personar. Nedanfor har eg teke oppatt dei fem delproblemstillingane (sjå kapittel 1.2).

1. Korleis vert tonelag 1 og tonelag 2 realisert i lomsmålet?
2. Korleis vert tonelag 1 og tonelag 2 realisert i skjåkmålet? Vil skjåkmålet skilje seg frå lomsmålet når det gjeld tonelagsrealisering?
3. Korleis vert fraseaksenten realisert i lomsmål?
4. Kvifor får somme samansette ord i lomsmål etterleddstrykk, og korleis kan desse analyserast innan Trondheimsmodellen?
5. Korleis kan stuttstava ord i lomsmål analyserast innan Trondheimsmodellen?

Som det går fram av den fyrste delen av problemstillinga, ville eg finne ut kva som kjenneteiknar tonelagsrealisering i lomsmål. For å plassere lomsmål i det norske tonale landskapet har eg teke utgangspunkt i arbeidet til Fintoft og Mjaavatn (1980) i tillegg til Kristoffersen (2007a) sine analysar av tonelag i nordgudbrandsdalsdialekt. Desse arbeida skildrar dialektane i det nordgudbrandsdalske dialektområdet med andre tonelagsrealiseringar enn til dømes lågtonedialektane trøndersk og søraustnorsk. Har dei rett i at det er tonelaga som er skilnaden mellom lomsmål og dei nemnde dialektane, eller er det andre tilhøve som spelar inn og gjev dialekten prosodiske særdrag, slik Nilsen (1992) kom fram til for trøndersk? Opptaka frå undersøkinga til Fintoft og Mjaavatn er diverre ikkje tilgjengelege, og eg såg det som naudsynt å gjennomføre eigne empiriske undersøkingar for å kunne vurdere om Fintoft og Mjaavatn har ei korrekt framstilling av tonelaga i lomsmål.

I det andre spørsmålet i problemstillinga ville eg samanlikne tonelagsrealiseringa i loms- og skjåkmål, og sjå om det finst tonelagsskilnader mellom desse grannemåla.

Det tredje spørsmålet i problemstillinga handlar om realisering av fraseaksentar, og om forseinka fraseaksent er til stades som eit tonalt særdrag i lomsmål, i likskap med trøndersk.

Den fjerde og femte delen av problemstillinga dreiar seg rundt fleire prosodiske særdrag i lomsmålet. Her ville eg ta føre meg stuttstava ord, og korleis ein ved hjelp av

Trondheimsmodellen kan representere skilnaden mellom stuttstavingar og ord med normale kvantitetstilhøve i lomsmål. Eg ville òg sjå nærare på kva slags fonologiske tilhøve som utløyser etterleddstrykk i somme samansette ord i lomsmålet og korleis slike ord kan analyserast innan Trondheimsmodellen.

4.1.1 Førebuingar til undersøkinga

Våren 2010 gjennomførte eg ei pilotundersøking, og denne førte til nokre små justeringar av testmaterialet. Mellom anna vart det kutta ut nokre minimale par der tonelagsopposisjonen vart utløyst av dativ kasus etter preposisjon.²⁷ Informanten eg intervjuar i pilotundersøkinga var ei kvinne fødd i 1951 i Lom kommune.

4.1.2 Utforming av undersøkingsmateriale

I delundersøking I, II og III skulle informantar uttale stutte og lange ytringar som eg hadde laga på førehand. Eg la ikkje vekt på å nytte ”gamle” ord og ord som kan oppfattast som utprega dialektord for distriktet, men valde i staden å nytte attkjennelege ord frå norsk. Dette gjorde det òg enklare å finne brukbare minimale par. Nokre særskilde ord vart inkluderte i materialet fordi eg venta å finne prosodiske særdrag som stuttstavingar og etterleddstrykk i desse. Denne delen av testmaterialet kjem eg attende til i kapittel 4.4.

I del IV gjennomførte eg eit uformelt intervju med kvar informant. Dette vart gjort for å kontrollere om det var nokon skilnad på korleis informantane intonerte ytringane sine i spontan tale samanlikna med når dei skulle uttale eit oppkonstruert testmateriale. Eit intervju ville sikre at eg fekk eit rikt datamateriale å arbeide med og gjere det mogleg å avdekkje usikre resultat som kunne skuldast manglar ved testmaterialet eller sjølve gjennomføringa av undersøkinga. Dei uformelle samtalene kunne òg potensielt syne prosodiske drag ved måla som ikkje kom fram gjennom resultata frå delundersøkingane. Munnleg materiale var ein føresetnad for å kunne svare på problemstillingane mine, og eg gjorde lydopptak av alle informantundersøkingane. Eg går nærare inn på dei ulike delane av undersøkinga i kapittel 4.3 og utover.

²⁷ Sidan målet med undersøkinga mi ikkje var å undersøke bruken av dativ i lomsmålet, valde eg å erstatte desse med andre minimale par.

4.1.3 Feltarbeidet i Lom og Skjåk

Feltarbeidet i Lom gjennomførte eg i to ulike delar av kommunen: Lom sentrum (Fossbergom) og Øvre Bøverdalen. Det er omtrent tre mil frå Fossbergom og opp til dei øvste busetjingane i Bøverdalen, og eg inkluderte difor ei eiga informantgruppe frå Øvre Bøverdalen. Som eg nemnde i delkapittel 1.1.2, kan bøverdalsvarieteteten av lomsmål karakteriserast som ein ”rand-dialekt”. Dette er fordi dalen ligg heilt i utkanten av kommunen med Sognefjellet som grense vestover. Dialekten i Luster kommune på andre sida av Sognefjellet er ein høgtonedialekt og høyrer dermed til eit anna intonasjonssystem enn dialekten i Lom kommune.

Det finst lokale variasjonar i lomsmålet, både morfologiske og segmentalfonologiske, noko mellom andre Dagsgard (2006) nemner. Når det gjeld varietetane sør-aust i Lom kommune (Garmo og søre Lia) hevdar mellom andre Dagsgard (2006:182f) at desse dialektane har morfologiske og segmentalfonologiske drag som er meir sams med dialekten i Vågå kommune, som Lom grensar til i sør-aust. Om skilnadene òg kjem til uttrykk i prosodisk realisering, er derimot vanskeleg å seie utan undersøkingar. Eg vil ikkje gå nærare inn på dette spørsmålet i arbeidet mitt.

Måla i grannekommunane Lom og Skjåk har såpass mange like drag at det kan argumenterast for at dei er ein sams dialekt (sjå Dagsgard 2006). Likevel vart måla klassifiserte som tonalt heilt forskjellige i Fintoft og Mjaavatn sitt system, som eg var inne på i delkapittel 3.2.1 (Fintoft og Mjaavatn 1980:70f). Med bakgrunn i dette, inkluderte eg to informantar frå to ulike grender i Skjåk for å etterprøve resultata til Fintoft og Mjaavatn.

4.2 Informantane

4.2.1 Korleis informantane vart utvalde

Utveljinga av informantar vart gjort mest mogleg tilfeldig. Eg la vekt på å ha ei relativt stor aldersspreiing blant informantane og at både kjønn skulle vere om lag likt representerte. I undersøkinga deltok sju personar frå Øvre Bøverdalen,²⁸ seks frå Fossbergom og to frå Skjåk: totalt 15 informantar. Før kvart intervju ba eg informantane om å fylle ut eit skjema med personopplysingar (sjå vedlegg 1). Informantane fekk informasjon om at dei ville verte

²⁸ Informant KH kom med på eit seinare tidspunkt enn dei andre informantane. Årsaka var at testmaterialet i delundersøking II mangla einstavingsord, slik at det var naudsynt å gjennomføre suppleringsopptak. Informant KH deltok berre i denne delen av undersøkinga.

anonymiserte i avhandlinga, og at namna deira berre var til intern bruk. I avhandlinga har kvar informant fått to bokstavar som referanse.²⁹

4.2.2 Informantane frå Lom kommune

I utveljingsprosessen la eg vekt på at informantane skulle vere fødde og oppvaksne i Lom, ha lomsmål som morsmål, og at dei framleis prata ein dialekt som vil oppfattast som lomsmål. I tillegg skulle informantane helst ha både mor og far frå Lom kommune, men nokre av informantane har berre ein av foreldra frå distriktet, noko eg vurderte som tilstrekkeleg. Alle informantane har budd utanbygds i stuttare eller lengre periodar, dei fleste i samband med utdanning. Nokre av informantane er framleis under utdanning og bur for tida utanfor Nord-Gudbrandsdalen, men er fødde og oppvaksne i distriktet og har budd mesteparten av livet sitt der. Eg gjekk difor ut frå at prosodien ikkje ville ha vorte påverka i særleg grad. Eg stilte ikkje noko krav til at informantane ikkje skulle ha budd utanfor distriktet, så lenge dette var/er for ein stuttare periode samanlikna med kor lenge dei har budd i Lom.

Tabell 4-1 Informantane frå Øvre Bøverdalen

Informant	Kjønn	Fødselsår	Budd utanfor Bøverdalen/Lom	Båe foreldra frå Bøverdalen/Lom
MA	Mann	1945	Ja	Ja
KA	Kvinne	1981	Ja	Nei
MB	Mann	1930	Ja	Ja
KB	Kvinne	1929	Ja	Ja
MC	Mann	1989	Ja	Ja
KC	Kvinne	1949	Ja	Ja
KH	Kvinne	1951	Ja	Ja

²⁹ Fyrste bokstav var K eller M (kvinne eller mann) og andre bokstav synte informantnr./rekkjefylgje.

Tabell 4-2 Informantane frå Fossbergom

Informant	Kjønn	Fødselsår	Budd utanfor Lom	Båe foreldra frå Lom
MD	Mann	1932	Ja	Ja
KD	Kvinne	1939	Ja	Ja
ME	Mann	1972	Ja	Nei
KE	Kvinne	1986	Ja	Nei
MF	Mann	1983	Ja	Ja
KF	Kvinne	1975	Ja	Ja

4.2.3 Informantane frå Skjåk kommune

Årsaka til at eg berre har to informantar frå Skjåk, er at desse informantane primært vart tekne med som kontrollgruppe for å sjå om dei realiserte tonelaga på same måte som informantane frå Lom. Med den avgrensa tida eg hadde til feltarbeidet, vart det òg altfor omfattande å ha same tal på informantar frå Skjåk som frå Lom.

Tabell 4-3 Informantane frå Skjåk

Informant	Kjønn	Fødselsår	Budd utanfor Skjåk	Båe foreldra frå Skjåk
MG	Mann	1947	Ja	Ja
KG	Kvinne	1989	Ja	Nei

4.3 Gjennomføring av undersøkinga

4.3.1 Oppbygging og framgangsmåte

Informantane fekk høve til å lese om kvar av dei fire delundersøkingane i eit informasjonsskriv før opptaka tok til (sjå vedlegg 2). I tillegg forklara eg opplegget munnleg før kvar delundersøking.

Delundersøking I-III var sett ihop av ulike ytringskonstruksjonar, og eg la vekt på å ha med både stutte ytringar (ein- og fleirstavingsord) og fleirordsytringar, med båe tonelaga representerte. Ein stor del av materialet vart valt ut for å ha eit samanlikningsgrunnlag med tidlegare arbeid om prosodiske tilhøve i målføra. I del IV gjennomførte eg eit uformelt

intervju med kvar informant, og informantane fekk høve til å sjå over spørsmåla i intervjuguiden før intervjuet tok til.

Testmaterialet eg presenterte for informantane i delundersøking I-III vart skrive med talemålnær ortografi. Eg valde å gjere det på denne måten for å unngå vanskar mange av informantane ville fått med å lese fonetiske alfabet som IPA eller Norvegia. I utbrytingssetningane i delundersøkingane II-III nytta eg versalar i orda eg ville at informantane skulle leggje meir vekt på enn resten av orda i ytringa. Før kvart intervju instruerte eg informantane til å nytte sitt eige talemål slik at ytringane ikkje skulle bere preg av opplesing.

Informantane fekk ikkje vite på førehand at eg skulle ta føre meg prosodiske tilhøve i dialekten, berre at eg var interessert i uttala deira. Etter intervjuet fortalde eg meir spesifikt om at eg studerte intonasjonen og andre prosodiske tilhøve som til dømes trykkplassering. Nokre av informantane kunne fortelje at dei hadde hatt ei aning undervegs om at det dreia seg om ”tonefallet” eller trykkplassering.

I etterkant av kvart intervju noterte eg eventuelle kommentarar informantane hadde til materialet eller framgangsmåten i undersøkinga, til dømes der dei ville nytte ein annan måte å uttale orda på som skilde seg frå den dialektnære ortografien eg hadde nytta.

4.4 Einskildord-testen (del I)

4.4.1 Minimale par, ein- og fleirstavingsord

I einskildord-testen (del I) skulle informantane uttale 40 einskildord (jamfør tabell 4-4 nedanfor).³⁰ Orda var skrivne på kvar sin lapp og lagt i ein bunke i tilfeldig rekkjefylgje. Informantane vart instruerte til å leggje kvar lapp nedst i bunken etter opplesing, slik at dei ikkje ville vite når det siste ordet kom. Dette var for å unngå at det siste ordet vart uttala med postfokal fraseaksent.³¹

Eg nytta fleire minimale par i einskildord-testen der tonelaget var den tydingsskiljande faktoren, mellom anna orda *kjøpet* og *kjøpe* (sjå tabell 4-4 nedanfor). Fintoft og Mjaavatn nytta berre tostavingsord (minimale par) i undersøkinga si, men som det går fram i tabellen, har eg inkludert både ein-, to-, tre- og firstavingsord.

³⁰ I tabellen er orda ordna alfabetisk, men i undersøkinga vart dei lagt i tilfeldig rekkjefylgje.

³¹ Ved opprømsing av einskildord vert kvart ord uttala med stigande tone (fokal fraseaksent) bortsett frå det siste leddet i opprømsinga, som vert uttala med fallande tone (postfokal fraseaksent), såkalla ”listeintonasjon” (Fretheim 1993).

Tabell 4-4 Einskildord-testen (del I)

1	bad	21	holo
2	bade	22	hugu
3	badet	23	jænta
4	banksjefen	24	kjøpe
5	barnehågå	25	kjøpet
6	brev	26	klukkarn
7	bringebær	27	Leirvassbue
8	direktørn	28	læsa
9	døl	29	lågå
10	dør	30	lån
11	dørklinke	31	låne
12	flåm	32	lånet
13	flåmen	33	mågå
14	flåmein	34	nynne
15	gamelstugu	35	præsten
16	gamla	36	røvarbande
17	gråvå	37	Sognefjeillet
18	gubben	38	syngje
19	Gudbrandsdaln	39	vaffelrøre
20	guten	40	væra

4.4.2 Stuttstavingar og etterleddstrykk

I testmaterialet inkluderte eg ord med stutte stavingar (ein- og tostavingsord) for å samanlikne tonelagsrealiseringa i desse med ord som har normallange stavingar. Vidare ville eg sjå korleis skilnad i lengd i stuttstava ord og ord med normale kvantitetstilhøve kan representerast ved bruk av prosodiske trestrukturar i Trondheimsmodellen.

Elles inkluderte eg nokre samansette ord der trykkplasseringa potensielt ville skilje seg frå dei andre orda ved bruk av etterleddstrykk, for å sjå om informantane ville nytte dette prosodiske mønsteret. Ved å sjå på fleirstavingsord i materialet der trykket ligg på fyrste samansetjingsledd, og samanlikne desse med ord der etterleddstrykk oppstår, kan det peike seg ut eit mønster for kva slags fonologiske tilhøve som utløyser etterleddstrykk. Ord der eg venta å finne prosodiske særdrag som stuttstavingar eller etterleddstrykk, er for oversynet si skuld plukka ut frå tabell 4-4 og sett inn i tabell i 4-5 nedanfor. Eg kjem attende til stuttstava ord og etterleddstrykk i kapittel 6.

Tabell 4-5 Stuttstavingar og ord med etterleddstrykk frå einskildord-testen (del I)

Stutte einstavingsord	Stutte tostavingsord	Samansette ord med etterleddstrykk
brev døl dør	gråvå holo hugu læsa lågå mågå væra	dørklinke gamelstugu Sognefjeillet vaffelrøre

4.5 "Det va.."-testen (del II)

I deltest II fekk informantane ein bunke med 14 lappar med ei setning per lapp. I tabell 4-6 og tabell 4-7 nedanfor presenterer eg fullstendig testmateriale i "Det va.."-testen. På same måte som i del I skulle kvar lapp leggjast nedst i bunken etter opplesing for å unngå postfokal avslutning på siste setning. I denne delen nytta eg same beresetning som Fintoft og Mjaavatn nytta i 1980, nemleg utbrytingssetninga *det var ___ du sa* (Fintoft og Mjaavatn 1980:67). I kvar setning hadde eg skrive testordet med versalar, og eg instruerte informantane til å uttale testordet på ein slik måte at det verka viktigare enn resten av orda i setninga. Testorda eg nytta i denne undersøkinga var plukka ut frå einskildord-testen (del I). Målet med dette var å undersøke om det var nokon skilnad på korleis testorda vart intonerte i isolasjon samanlikna med når dei vart plasserte i den nemnde beresetninga. Er denne typen beresetning eigna til å skildre tonelaga i testorda, eller vil intonasjonstilhøve spele inn i større grad enn Fintoft og Mjaavatn meinte?

Tabell 4-6 "Det va.."-testen (del II)

1	det va BADE du sa
2	det va BADET du sa
3	det va BANKSJEFEN du sa
4	det va BARNEHÅGÅ du sa
5	det va BRINGEBÆR du sa
6	det va FLÅMEN du sa
7	det va FLÅMEIN du sa
8	det va GUDBRANDSDALN du sa
9	det va LÆSA du sa
10	det va LÅGÅ du sa
11	det va LÅNE du sa
12	det va LÅNET du sa
13	det va SOGNEFJEILLET du sa
14	det va VAFFELRØRE du sa

**Tabell 4-7 Einstavingsord i "Det va.."-testen (del II),
suppleringsopptak med informant KH**

1	det va BAD du sa
2	det va LÅN du sa
3	det va DØL du sa
4	det va BREV du sa

Som eg nemnde i delkapittel 2.4.2, grunngav Fintoft og Mjaavatn valet av beresetning med at "[...] den er innholdsmessig relativt nøytral, testordet forekommer ikke finalt og er dermed mindre påvirket av intonasjon [...]" (1980:67). Dei ser ut til å meine at intonasjon er noko som berre dukkar opp i slutten av ytringar. Som eg òg var inne på i kapittel 2.4, vil tonelagskurvene i Fintoft og Mjaavatn sitt system innehalde både tonelag og fraseaksent i Trondheimsmodellen. I uttala av einskildord vil tonelaget vere berre fyrste del av grunntonekonturen i aksentfrasen, men den fullstendige grunntonekonturen i ein lågtonedialekt vil i tillegg innehalde ein fokal eller ikkje-fokal, altså meir eller mindre høg avsluttande fraseaksent.

Ifylgje Nilsen vil ikkje ei utbrytingssetning alltid sikre fokal aksentuering av testordet åleine. Ho peikar mellom anna på at i søraustnorsk vil det vere naturleg å uttale *du-sa*, altså dei siste stavingane i den nemnde beresetninga, innan same aksentfrase som testordet (Nilsen

1992:88f). I så fall vil ikkje den fokale toppen verte realisert på sjølve testordet, men til slutt i beresetninga, som i døme (4):³²

(4) ((det va(²SMILE-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

I søraustnorsk er det òg eit vanleg intonasjonsmønster å uttale sistestavinga *sa* som ein postfokal AP:

(5) ((det va(²SMILE-du_{AP})_{IP})(¹sa_{AP})_{IU})

I trøndersk vil ein vanleg måte å intonere denne ytringa på vere å realisere *du sa* som ekstrametriske stavingar (Nilsen 1992:101ff).³³ Med dette intonasjonsmønsteret vert ikkje dei siste stavingane i beresetninga ein del av aksentfrasen (AP), men i staden direkte underordna intonasjonsfrasen (IP), som i døma (6) og (7):

(6) ((det (¹VA_{AP})_{IP})(²SMILE_{AP}du sa)_{IP})_{IU})

(7) ((det va(²SMILE_{AP}du sa)_{IP})_{IU})

Med grunnlag i døma frå Nilsen var eg interessert i å finne ut om informantane mine nytta nokre av intonasjonsmønstra i (4) – (7), og om dei i så fall ville nytte søraustnorsk eller trøndersk mønster.

4.6 Utbrytingssetningar med kontekst (del III)

I denne delundersøkinga fekk informantane utdelt eit ark med 10 ytringar som dei fekk lese gjennom før opptaka tok til. Ytringane er attgjevne i tabell 4-8 nedanfor.

³² Døma i (4) - (7) er henta frå Nilsen (1992:88f).

³³ Nilsen (1992) nyttar omgrepa 'fotekstern' og 'ekstrametrisk' om same fenomen, men eg vil halde meg til omgrepet 'ekstrametrisk'.

Tabell 4-8 Utbrytingssetningar med kontekst (del III)

	Kontekst	Utbryting
1 A	det va nynne klukkarn sa, men	det va SYNGJE PRÆSTEN sa
1 B	det va ikkje nynne præsten sa, men	det va SYNGJE præsten sa
2 A	det va syngje jænta sa, men	det va NYNNE GUTEN sa
2 B	det va ikkje syngje guten sa, men	det va NYNNE guten sa
3 A	det va syngje gamla sa, men	det va NYNNE GUBBEN sa
3 B	det va ikkje syngje gubben sa, men	det va NYNNE gubben sa
4 A	det va kjøpe direktørn sa, men	det va LÅNE BANKSJEFEN sa
4 B	det va ikkje kjøpe banksjefen sa, men	det va LÅNE banksjefen sa
5 A	det va kjøpet direktørn sa, men	det va LÅNET BANKSJEFEN sa
5 B	det va ikkje kjøpet banksjefen sa, men	det va LÅNET banksjefen sa

Til liks med delundersøking II var ytringane forma som utbrytingssetningar, men her var kvar testytring bygd opp av to sideordna setningar. Dette vart gjort for at den fyrste setninga skulle danne ein kontekst for den siste setninga, noko som ville kunne utløyse fokal fraseaksent på testorda. Konteksten i ytringane merka med A skulle utløyse to fokale aksentar i siste setning, og konteksten i ytringane merka med B skulle utløyse éin fokal aksent i siste setning, slik at siste del fekk postfokal uttale.

Målet med å inkludere lengre utbrytingssetningar i undersøkinga var å finne ut korleis fraseaksentar vert realiserte i dei aktuelle dialektområda, og om det – i likskap med trøndersk – vert nytta forseinka fraseaksentar (jamfør del 3 i problemstillinga).

Valet av beresetningar i denne undersøkinga var òg motivert av undersøkinga til Kristoffersen, der informantar frå Nord-Gudbrandsdalen og Oppdal skulle uttale ulike testord i setninga *det var ___ presten sa* (Kristoffersen 2007a). Med unntak av eitt ord (presten), er denne setninga identisk med utbrytingssetninga *det var ___ du sa* frå undersøkinga til Fintoft og Mjaavatn.

4.7 Uformelt intervju (del IV)

I siste del av kvart opptak gjennomførte eg eit uformelt intervju med kvar informant. Informantane fekk høve til å lese gjennom ein intervjuguide før opptaka tok til (sjå vedlegg 3). Eg la vekt på å finne eit tema som alle informantane kunne ha meiningar om, og eg laga

eit sett med spørsmål om dialektendringar og haldningar til bruk av dialekt. Dette synte seg å vere eit tema som fleire av informantane var opptekne av og hadde lett for å prate om.

Opptak av spontan, uformell tale vart som nemnt teke med i undersøkinga for å sikre at eg fekk eit rikt datamateriale å arbeide med, og for å avdekkje eventuelle usikre resultat frå dei andre delundersøkingane. Mange av informantane kjende seg nok meir komfortable med intervjusituasjonen enn med dei andre delane av undersøkinga.

4.8 Tekniske hjelpemiddel

I undersøkinga nytta eg ein diktafon av typen Olympus WS-550 i tillegg til ein liten mikrofon av typen Olympus ME 15 for å gjere opptak. Etter å ha lasta opptaka inn på ein datamaskin, måtte lydfilene konverterast til eit passande audioformat. Til dette nytta eg dataprogrammet Switch Sound File Converter (versjon 1.50). Deretter kunne lydfilene importerast til dataprogrammet Praat for vidare handsaming. Dette er eit program for analyse av talesignal som mellom anna gjer det mogleg å trekkje ut grunntonekonturar frå lydsignal.³⁴

³⁴ Praat, versjon 5.1.23. Lasta ned 11.02.10 frå <http://www.fon.hum.uva.nl/praat/>

5 Tonelagskurver og aksentfrasar i loms- og skjåkmål

5.1 Innleiing og bakgrunn

I dette kapittelet presenterer eg resultat og analysar frå einskildord-testen (del I) og ”det va..”-testen (del II) frå feltarbeidet mitt. Før sjølv analysedelen presenterer eg stutt Fintoft og Mjaavatn (1980) og Kristoffersen (2007a) sine framstillingar av tonelagskurver for lomsmål/nordgudbrandsdalsdialekt. Desse to arbeida dannar bakgrunn for mine egne analysar av tonelagsrealisering i lomsmål og skjåkmål.

Resultata frå undersøkingane vert presenterte gjennom eit representativt utval av grunntonekonturar³⁵ frå det innsamla materialet.

5.1.1 Fintoft og Mjaavatn si framstilling av tonelagskurver i lomsmål

Som eg synte i delkapittel 3.2.1, fann Fintoft og Mjaavatn at lomsmål kan framstillast med fylgjande tonelagskurver for tonelag 1 og tonelag 2:³⁶

Figur 5-1 Tonelagskurver for lomsmål



I lomsmål vart tonelag 1-kurva framstilt med type D, altså ein HLH-tonegang, og tonelag 2 vart framstilt som type A, med HL-kontur. Til samanlikning såg vi i delkapittel 2.4.2 at den søraustnorske tonelag 1-konturen var framstilt med type C og tonelag 2-konturen med type D. Det er i hovudsak avslutninga som er skilnaden mellom dei to tonelagskonturane for lomsmål. Tonelag 1-konturen (type D) vert avslutta med ein høg tone, medan tonelag 2-konturen vert avslutta med ein låg tone (type A). Vidare vert tonelag 1-konturen i lomsmål framstilt med ein initial høg tone, noko som ikkje samsvarar med det typiske lågtonesystemet. Dersom desse kurvene for lomsmål er ei korrekt framstilling, samsvarar ikkje lomsmål – eller

³⁵ Av plassomsyn har eg ikkje inkludert resultatata frå samtlege 15 informantar i teksten, men synt representative dømme frå resultatata i form av grunntonekonturar med kommentarar.

³⁶ Figur 3-1, teke oppatt her som figur 5-1.


nordgudbrandsdalsdialektane i det heile, som vi såg i karta i delkapittel 2.4.2 – med den typiske tonegangen for lågtonedialektar.

5.1.2 Høg tone føre tonelag 1 i lomsmål?


For nordgudbrandsdalsdialekt stipulerer Kristoffersen ein høg tone på ei initial, trykklett staving føre tonelag 1-ord, slik at den fullstendige melodien vert HLH. Ifylgje Kristoffersen oppstår dette mønsteret berre i tonelag 1 i nordgudbrandsdalsdialekt – tonelag 2 i denne dialekten vert realisert som i søraustnorsk (Kristoffersen 2007a:101f).³⁷

I artikkelen vert det gjeve døme på grunntonekonturar og autosegmentale analysar av tonelag 1-ord med trykklette fyrstestavingar.³⁸ I figuren i 5-2 er grunntonekonturen for nordgudbrandsdalsdialekt teikna med svart, medan grunntonekonturane for oppdaling og søraustnorsk er teikna med høvesvis kvitt og grått. Figuren i 5-3 syner den autosegmentale analysen for den nordgudbrandsdalske konturen i figur 5-2.

Figur 5-2 Tonelag 1-kontur for ord med trykklett fyrstestaving (Kristoffersen 2007a)



Figur 5-3 Autosegmental analyse av tonelag 1-kontur (nordgudbrandsdalsdialekt) (Kristoffersen 2007a)



Med utgangspunkt i korleis trykklette anakrustiske stavingar vert skildra innan Trondheimsmodellen (jamfør delkapittel 2.4.2), er det vanskeleg å forstå kvifor Kristoffersen stipulerer ein initial høg tone på ei trykklett staving føre tonelag 1-ord i nordgudbrandsdalsdialekt. Det er mogleg at det kan skuldast den analysemessige tilnærminga, som kan skildrast som multilineær, i motsetnad til den hierarkiske tilnærminga som vert nytta

³⁷ Informantane frå Nord-Gudbrandsdalen uttala testorda i beresetninga *det var ___ presten sa*.

Denne utbrytingssetninga liknar elles på beresetninga som Fintoft og Mjaavtn nytta i undersøkinga si.

³⁸ Figurane i 5-2 og 5-3 er henta frå Kristoffersen (2007a:101f).

i Trondheimsmodellen. I alle høve endar Kristoffersen opp med forskjellige analysar for nordgudbrandsdalsdialekt, oppdaling og søraustnorsk.

5.2 Ein deskriptiv analyse av tonelaga i lomsmål

5.2.1 "Det va.."-testen (deltest II)

I "Det va.."-testen nytta eg beresetninga *Det va ___ du sa* i eit forsøk på å rekonstruere undersøkinga til Fintoft og Mjaavatn. I tillegg til minimale par inkluderte eg einstavingsord og fleirstavingsord for å kontrollere om desse orda får det same tonale mønsteret som mininale par med to stavingar.

Testorda eg nytta i denne undersøkinga var henta frå einskildord-testen (del I), der eg plukka ut 14 av 40 ord. Målet med dette var å undersøke om det var nokon skilnad på korleis testorda vart intonerte i isolasjon samanlikna med når dei vart plasserte i den nemnde beresetninga. Resultata frå einskildord-testen presenterer eg i delkapittel 5.2.2.

5.2.1.1 Intonasjonsvariantar med tonelag 1


I det fylgjande vil eg vurdere om Fintoft og Mjaavatn si framstilling er korrekt ved å ta føre meg fire ulike intonasjonsvariantar av ytringa *det va badet du sa* frå undersøkinga mi, der tonelag 1-ordet *badet* fungerer som testord i beresetninga. Grunntonekonturane er laga med utgangspunkt i ytringar frå informantane MA, MC, MD og KF, og er representative døme for dei andre informantane sine uttalevariantar (sjå tabellar i kapittel 4.2 for oversikt over informantane).

Figur 5-4³⁹ syner grunntonekonturen til informant MA si uttale av *det va badet du sa*, og transkripsjonen for ytringa er synt i (8).


(8) ((det va(¹BADET-du-sa_{AP}))IP)IU

³⁹ Vertikal stiplalinje i grunntonekonturane er teikna inn i figurane for å syne kvar anakrustiske stavingar sluttar, medan AP-grenser er teikna med heiltrekt vertikal linje.

Figur 5-4 det va ¹badet du sa (informant MA)




Figur 5-5 Utsnitt av ordet ¹badet frå kontur 5-4 (informant MA)



Som vi ser i ytring (8) og figuren i 5-4, kjem både testordet *badet* og dei ytringsfinale stavingane *du-sa* innanfor same aksentfrase (AP), medan dei to ytringsinitiale stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte. Dette er òg synt med den prosodiske trestrukturen i figur 5-6. Nilsen peikar på at det i søraustnorsk vil vere naturleg å uttale *du sa*, altså dei siste stavingane i beresetninga, innanfor same aksentfrase som testordet (1992:88). Dette synte seg òg å vere det mest frekvente mønsteret hjå informantane i ”Det va..”-testen.

Dersom ein isolerer testordet frå beresetninga, slik Fintoft og Mjaaavatn gjorde da dei konstruerte tonelagskurvene, vil grunntonekonturen for tonelag 1-ordet *badet* slik det vert uttala i ytring (8) sjå ut som det skraverte feltet i figur 5-5. Her er det ikkje samsvar mellom utstrekkinga til APen og testordet *badet*, sidan fraseaksenten vert realisert på den ytringsfinale stavinga *sa*.


Figur 5-6 Prosodisk trestruktur for ytringa i (8)




Grunntonekonturen i figur 5-7 er d me p  eit anna frekvent intonasjonsm nster for *det va badet du sa*, her uttala av informant MC. Ytringa er transkribert i (9) nedanfor.

(9) ((det va(¹BADET-du_{AP})_{IP})((¹SA_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-7 *det va*¹*badet du sa* (informant MC)




Figur 5-8 Utsnitt av ordet ¹*badet* fr  kontur 5-7 (informant MC)



I 5-7 dannar *badet* ein fokal AP saman med *du*, medan sistestavinga *sa* er ein eigen fokal AP. Fyrstestavingane *det va* er anakrustisk realiserte. Dette kjem tydeleg fram i den prosodiske trestrukturen i figur 5-9.

Isolert vil grunntonekonturen til tonelag 1-ordet *badet*, slik det vert uttala av informant MC, sjå ut som i figur 5-8. Grunntonekonturane i 5-5 og 5-8 er døme på at aksentfrase og ordform ikkje alltid fell saman, sidan fraseaksenten kan realiserast på stavingar som kjem etter den aksentuerte ordforma. Ei beresetning av denne typen ser ikkje ut til å garantere at testordet vert avslutta med fokal fraseaksent.


Figur 5-9 Prosodisk trestruktur for ytringa i (9)




Ein tredje intonasjonsvariant med tonelag 1-ordet *badet* i beresetninga er synt i figur 5-10, her med informant MD si uttale. Ytringa er transkribert i (10), og den prosodiske treanalysen av ytringa er synt i figur 5-12.

(10) ((det¹VA_{AP})_{IP})((¹BADET-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-10 det va ¹badet du sa (informant MD)




Figur 5-11 Utsnitt av ordet ¹badet frå kontur 5-10 (informant MD)



Her er fyrstestavinga *det* anakrustisk realisert, medan *va* vert uttala som ein fokal AP, (¹VA_{AP}). Testordet *badet* og dei ytringsfinale stavingane *du-sa* vert uttala innanfor ein fokal AP, (¹BADET-du-sa_{AP}).

Når *badet* vert isolert frå resten av grunntonekonturen i figur 5-10, ser ordkonturen ut som det skraverte feltet i figur 5-11. På grunn av den fokale fraseaksenten i APen (¹VA_{AP}), vil konturen i testordet *badet* starte på eit relativt høgt hertz-nivå, utan at dette bør tolkast som ein fonologisk høg tone. Med Fintoft og Mjaavatn si lineære tilnærming kan dette ha vorte tolka nettopp som ein initial høg tone i tonelag 1, men innan Trondheimsmodellen kan det skildrast som transisjonsfenomen frå anakrustiske stavingar til tonelagsstart. Eg kjem attende til dette i delkapittel 5.2.1.5.


Figur 5-12 Prosodisk trestruktur for ytringa i (10)




Grunntonekonturen i figur 5-13 syner informant KF sin uttalevariant, med transkribert versjon av ytringa i (11).

(11) ((det va(¹BADET_{AP})du_{IP})(¹SA_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-13 det va ¹badet du sa (informant KF)



Figur 5-14 Utsnitt av ordet ¹badet frå kontur 5-13 (informant KF)




I figur 5-13 vert fyrstestavingane *det va* anakrustisk realiserte, medan testordet dannar ein eigen fokal AP. Vidare vert *du* uttala som ei tonalt fri trykklett staving som vert ekstrametrisk realisert innan same IP som den fokale APen (¹BADET_{AP}).

Ekstrametriske stavingar etter ei fokalt aksentuert ordform er typisk for den trønderske måten å intonere denne ytringa på (Nilsen 1992:88). Grunntonekonturen for informant KF si ytring syner at denne intonasjonsvarianten også kan verte nytta i lomsmålet.

Figur 5-14 syner grunntonekonturen til *badet* når ein tek utsnitt av sjølve ordforma frå resten av grunntonekonturen i 5-13. Denne konturen samsvarar med den typiske tonelag 1-aksentfrasen for lågtonedialektar ved at han startar med ein låg tone (L) på den trykksterke stavinga og vert avslutta med fraseaksent (H). Her fell det prosodiske ordet saman med IP-grensa, og såleis vert både tonelag og fraseaksent realisert på sjølve testordet. Transkripsjonen i (11) reflekterer dette ved at den fyrste fokale APen berre inneheld ordforma *badet*, og det same ser vi i den prosodiske treanalysen i figur 5-15. For å syne at stavinga *du* er ekstrametrisk realisert, vert ho assosiert direkte til IP-nivået i staden for til AP-nivået. Samanlikna med dei andre døma av det isolerte testordet, har konturen i figur 5-14 ein tydeleg høg fraseaksent på slutten av testordet som ikkje er til stades i grunntonekonturane i figur 5-5, 5-8 og 5-11.

Figur 5-15 Prosodisk trestruktur for ytringa i (11)



5.2.1.2 Intonasjonsvariantar med tonelag 2


Tonelag 2-konturar i lomsmål er framstilte som kurve A i Fintoft og Mjaavtn sitt system. Dette er ein HL-kontur, og ikkje HLH, sjølv om sistnemnde er den karakteristiske tonegangen for tonelag 2-aksentfrasar i lågtonedialektar. Kontur A kan skildrast som ein tonelag 2-kontur utan avsluttande fraseaksent, men kva kan vere årsaka til at fraseaksenten manglar?

Eg fekk informantane til å uttale ytringa *det va bade du sa*, der eg hadde bytt ut tonelag 1-ordet *badet* med tonelag 2-ordet *bade* i beresetninga. Som venta vart det her òg produsert fleire intonasjonsvariantar av same ytring, og nokre variantar peika seg ut som meir frekvente enn andre. Grunntonekonturane er laga med utgangspunkt i ytringar frå informantane KB, MC og ME, og er representative døme for dei andre informantane sine uttalevariantar.


Figur 5-16 syner grunntonekonturen av informant KB si uttale av *det va bade du sa*. Ytringa er transkribert i (12).

(12) ((det va(²BADE-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-16 *det va ²bade du sa* (informant KB)




Figur 5-17 Utsnitt av ordet ²bade frå kontur 5-16 (informant KB)



I figur 5-16 er fyrstestavingane *det va* anakrustiske, medan testordet *bade* dannar ein fokal AP saman med sistestavingane *du-sa*. Dette er òg reflektert i den prosodiske treanalysen av ytringa i figur 5-18.

I figur 5-17 er testordet *bade* isolert frå resten av beresetninga. Denne konturen har ein tydeleg initial høg tone (H) som markerer starten på tonelaget (og ordforma) til *bade*, før han går nedover til ein låg tone (L). Konturen i sjølve ordforma er ei HL-rørsle, som er karakteristisk for tonelag 2 i lågtonedialektar. Fraseaksenten manglar når ordforma vert isolert, og årsaka er at den fokale fraseaksenten i dette tilfellet vert realisert på *sa*, som er siste staving i aksentfrasen. Den isolerte ordkonturen liknar såleis på tonelagskurve A som Fintoft og Mjaavatn nytta for å skildre tonelag 2-konturar i lomsmål.


Figur 5-18 Prosodisk trestruktur for ytringa i (12)




Grunntonekonturen av ytringa til informant MC er synt i figur 5-19, med transkribert versjon av ytringa i (13) og tilhøyrande prosodisk treanalyse i figur 5-21.

(13) ((det va(²BADE-du_{AP})_{IP})((¹SA_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-19 det va ²bade du sa (informant MC)




Figur 5-20 Utsnitt av ordet ²bade frå kontur 5-19 (informant MC)



I grunntonekonturen i 5-19 er dei initiale stavingane *det va* anakrustiske, medan *bade-du* er ein fokal tonelag 2-AP, (²BADE-du_{AP}). Sistestavinga *sa* er ein eigen fokal tonelag 1-AP.

Når testordet vert isolert frå beresetninga i figur 5-20, ser vi at grunntonekonturen for testordet *bade* har tonegangen HL og manglar fraseaksent – ikkje ulikt grunntonekonturen i figur 5-17.


Figur 5-21 Prosodisk trestruktur for ytringa i (13)




Grunntonekonturen i figur 5-22 syner informant ME si uttale av *det va bade du sa*, og transkripsjonen for ytringa står i (14).

(14) ((det va(²BADE_{AP})du_{IP})(¹sa_{AP})IU)

Figur 5-22 *det va ²bade du sa* (informant ME)




Figur 5-23 Utsnitt av ordet ²bade frå kontur 5-22 (informant ME)



I 5-22 er fyrstestavingane *det va* anakrustisk realiserte, medan testordet *bade* er ein eigen fokal tonelag 2-AP, (²BADE_{AP}). Vidare vert *du* uttala som ei ekstrametrisk staving innan same IP som den nemnde fokale APen, og sistestavinga *sa* vert realisert som ein postfokal tonelag 1-AP, (¹sa_{AP}). Som vi såg i ytring (11), nytta også informant KF intonasjonsmønsteret med ekstrametrisk staving, men i denne uttala var tonelag 1-APen *badet* testord i beresetninga. Det ser dermed ut til at ekstrametriske stavingar etter eit fokalt aksentuert testord kan oppstå uavhengig av om den fokale APen har tonelag 1 eller 2. Som nemnt i delkapittel 5.2.1.1, har Nilsen (1992:88) peika på at bruk av ekstrametriske stavingar er vanleg i trøndersk, men det ser òg ut til å vere til stades som ein mogleg intonasjonsvariant i lomsmål. Dette intonasjonsmønsteret kjem tydeleg fram i den prosodiske treanalysen av ytring (14) i figur 5-24, der vi ser at *du* vert realisert ekstrametrisk, og difor vert assosiert direkte til IP-nivået i staden for til AP-nivået.

Figur 5-23 syner grunntonekonturen til *bade* isolert frå resten av ytringa til informant ME. Ulikt grunntonekonturane i figur 5-17 og 5-20, vert både tonelag og fraseaksent realisert på sjølvstørdet, og det prosodiske ordet fell difor saman med AP-grensa. HLH-rørsla samsvarar med den typiske tonelag 2-aksentfrasen for lågtonedialektar med ein initial høg tone (H) på den trykksterke stavinga som deretter går ned til ein låg tone (L) før den avsluttande fraseaksenten (H).

Figur 5-24 Prosodisk trestruktur for ytringa i (14)




5.2.1.3 Fleirstavingsord med tonelag 1 og 2 i beresetninga

I tillegg til minimale par inkluderte eg fleirstavingsord med tonelag 1 og 2 i informantundersøkinga for å kontrollere om talet på stavingar påverkar intonasjonsmønsteret i lomsmål.


Figur 5-25 syner grunntonekonturen av ytringa *det va banksjæfen du sa*, med tonelag 1-ordet *banksjæfen* som testord, uttala av informant KC. Ytringa er òg synt i transkripsjonen i (15).

(15) ((det va(¹BANKSJÆFEN-du-sa_{AP}))_{IP})_{IU})

Figur 5-25 det va ¹banksjæfen du sa (informant KC)



Figur 5-26 Utsnitt av ordet ¹banksjæfen frå kontur 5-25 (informant KC)




I grunntonekonturen i figur 5-25 kjem både testordet *banksjæfen* og dei ytringsfinale stavingane *du-sa* innanfor same aksentfrase, medan dei to fyrste stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte.

Grunntonekonturen i 5-26 syner at det ikkje er noko stor skilnad – anna enn lengda – på den isolerte ordkonturen av tonelag 1-ordet *banksjæfen* og tonelag 1-ordet *badet* når dei står i same aksentfrase som *du-sa* (jamfør figur 5-5).


I figur 5-27 er grunntonekonturen av informant KE si ytring *det va barnehågå du sa*, med tonelag 2-ordet *barnehågå* som testord. Transkripsjonen av ytringa er synt i (16).

(16) ((det va(²BARNEHÅGÅ-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-27 det va ²barnehågå du sa (informant KE)



Figur 5-28 Utsnitt av ordet ²barnehågå frå kontur 5-27 (informant KE)



Som ein ser av figuren i 5-27 og transkripsjonen i (16), kjem testordet og dei ytringsfinale stavingane *du-sa* innanfor same fokale aksentfrase, til liks med ytringa i (15).

Figur 5-28 syner den isolerte ordkonturen av tonelag 2-ordet *barnehågå*. Dersom ein samanliknar denne med den isolerte ordkonturen av tonelag 2-ordet *bade* i figur 5-17, er det lengda som skil dei, og elles er tonegangen meir eller mindre den same i dei to konturane.


5.2.1.4 Einstavingsord i beresetninga

Eg inkluderte einstavingsord i undersøkinga for å sjå om intonasjonsmønsteret i desse vil skilje seg frå ord med to eller fleire stavingar.


Figur 5-29 syner grunntonekonturen for ytringa *det va lån du sa* med tonelag 1-ordet *lån* som testord, uttala av informant KH. Ytringa er synt i transkripsjonen i (17).

(17) ((det va(¹LÅN-du_{AP})_{IP})(¹SA_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-29 det va ¹lån du sa (informant KH)



Figur 5-30 Utsnitt av ordet ¹lån frå kontur 5-29 (informant KH)




I grunntonekonturen i figur 5-29 kjem testordet *lån* og den etterfylgjande stavinga *du* innanfor same fokale aksentfrase, (¹LÅN-du_{AP}), medan dei to fyrste stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte. Den siste stavinga *sa* vert realisert som ein eigen fokal tonelag 1-AP.

Figur 5-30 syner den isolerte ordkonturen av tonelag 1-ordet *lån* frå konturen i 5-29. Til liks med dei fleste andre isolerte konturane eg har sett på til no, reflekterer heller ikkje grunntonekonturen i figur 5-30 det typiske LH-mønsteret for tonelag 1-APar i lågtonedialektar, sidan den isolerte ordforma manglar høg fraseaksent.

Nedanfor har eg samla dei isolerte grunntonekonturane av tonelag 1-orda. Her ser vi kor ulike intonasjonsmønster testorda kunne få i undersøkinga mi når dei vart uttala i beresetninga *det va* __ *du sa*:

Figur 5-31 Isolerte tonelag 1-konturar frå beresetninga *det va __ du sa*



5.2.1.5 Transisjonsfenomen i tonelag 1-konturar?


Fintoft og Mjaavatn har framstilt tonelag 1-konturen for lomsmål med kurve D, som har ein initial høg tone. Kristoffersen sine analysar av tonelag 1 i nordgudbrandsdalsdialekt er ikkje heilt ulike det Fintoft og Mjaavatn kom fram til. Han har stipulert ein initial høg tone på ei anakrustisk, trykklett staving (når ei slik er til stades) føre tonelag 1-ord i nordgudbrandsdalsdialekt. I Trondheimsmodellen vil trykklette stavingar kunne få høg tone berre dersom denne høyrer til fraseaksenten på ein føregåande aksentfrase. Dei anakrustiske stavingane er skildra som tonalt frie og har ingen assosiasjonslinjer mellom tonehøgde og stavingsnivå i denne modellen. Stavingane er ekstrametriske i høve AP-nivået, og er assosierte direkte til IP-nivået, slik vi til dømes kan sjå i den prosodiske trestrukturen i figur 5-6. Rett nok syner fleire av dei isolerte ordkonturane for tonelag 1-ordet *badet* ein mindre topp i starten av konturen, noko som truleg kan tolkast som ein initial høg tone dersom ein tuftar analysane på lineære tilnærmingar. Innan Trondheimsmodellen kan tonerørsla frå dei anakrustiske stavingane *det va* til den låge tonen i tonelag 1 heller forklarast som eit transisjonsfenomen. Ifylgje Nilsen vil tonalt frie uaksentuerte stavingar alltid liggje på eit høgare hertz-nivå enn den låge tonen som markerer starten på tonelag 1 i lågtonedialektar, men dei vil verte analyserte som tonalt frie stavingar innan Trondheimsmodellen (Nilsen 1992:94). Den initiale toppen bør altså ikkje tolkast som ein fonologisk (leksikalsk) høg tone,

men heller som ein overgang frå dei anakrustiske stavingane til den låge tonen på den trykksterke stavinga i tonelag 1-aksentfrasen.

5.2.1.6 Manglande høg fraseaksent i tonelag 2-konturar?

Som vi såg i fleire av grunntonekonturane (figur 5-17, 5-20 og 5-28), vil ikkje aksentfrase og ordform alltid falle saman. For oversynet si skuld har eg teke oppatt dei isolerte grunntonekonturane av tonelag 2-orda i figur 5-32 nedanfor:

Figur 5-32 Isolerte tonelag 2-konturar frå beresetninga *det va__du sa*



Det mest frekvente mønsteret hjå informantane i ”Det va..”-testen var å uttale testordet og ei eller to av dei ytringsfinale stavingane *du sa* innanfor same aksentfrase. Fleire av dei isolerte ordformene frå beresetninga manglar fraseaksent, og årsaka er at fraseaksenten i desse vert realisert på stavingane som kjem etter det aksentuerte testordet. Ei beresetning av typen *det va__du sa* ser altså ikkje ut til å garantere at testordet vert avslutta med fokal fraseaksent. Sett i ljøs av dette, er det ikkje merkeleg at Fintoft og Mjaavatn endar opp med tonelagskurve A – ein HL-tonegang utan høg fraseaksent – for å skildre tonelag 2-konturar i lomsmål.

5.2.1.7 Oppsummering av ”Det va..”-testen (deltest II)

Som vi har sett av grunntonekonturane, er det ikkje berre éin måte å uttale testorda i beresetninga på. Trass i at beresetninga er ei utbrytingssetning, noko som avgrensar val av intonasjonsmønster til ein viss grad, vil det ikkje sikre fokal aksentuering av testordet åleine. Fintoft og Mjaavatn tek feil når dei meiner at ein i stor grad unngår påverknad frå intonasjon på testordet i utbrytingssetninga *det va ___ du sa*. Som Nilsen har peika på, er intonasjonsfenomen til stades i alle ytringar, og det dukkar ikkje opp berre ytringsfinalt (Nilsen 1992:87f). Trondheimsmodellen har ei hierarkisk tilnærming der tonelagsrealisering kjenneteiknar berre fyrste del av aksentfrasen (AP). Dei fullstendige aksentfrasane for tonelag 1 og 2 i ein lågtonedialekt vil i tillegg innehalde ein fokal eller ikkje-fokal avsluttande fraseaksent – denne høyrer til intonasjonsnivået, og skal ikkje analyserast som ein del av ordtonane.

Grunntonekonturane som i Fintoft og Mjaavatn sitt arbeid vert kalla ’tonelagskurver’, er i realiteten ei samanblanding av ordprosodi og setningsprosodi. Det vert ikkje teke omsyn til det som hender på intonasjonsnivået, og konsekvensen er at intonasjonsfenomen vert tolka som ein del av tonelaga når ein isolerer testorda frå beresetninga, slik dei gjorde.






5.2.2 Einskildord-testen (deltest I)

I einskildord-testen, deltest I, undersøkte eg intonasjonen til 40 ord uttala i isolasjon, og testmaterialet var bygd opp av minimale par, einstavingsord og fleirstavingsord. Målet med undersøkinga var å finne ut om isolert uttale av testorda kunne gje eit meir korrekt bilete av tonelagsrealisering i lomsmål, samanlikna med korleis testorda vart intonerte i beresetninga *det va ___ du sa*.

5.2.2.1 Tonelagsrealisering i isolert uttale av testord

Figur 5-33 er ei oversikt over tonelag 1- og 2-konturar i lomsmål tufta på resultata frå einskildord-testen. Oversikta er organisert etter lengd på testorda og om dei vert realiserte som tonelag 1-aksentfrasar eller tonelag 2-aksentfrasar. Grunntonekonturane er laga med utgangspunkt i ytringar frå informantane MF, KF, MA, MC og KB, og desse er representative døme for dei andre informantane sine uttaler.

Figur 5-33 Tonelagskurver i lomsmål

	Aksentfrasar med tonelag 1	Aksentfrasar med tonelag 2
Einstavingsord	<p>Informant MF</p>  <p>Time (s) 0 0.3017</p> <p>$((^1L\dot{A}N_{AP})_{IP})_{IU}$</p>	
Tostavingsord	<p>Informant KF</p>  <p>Time (s) 0 0.5116</p> <p>$((^1BADET_{AP})_{IP})_{IU}$</p>	<p>Informant MA</p>  <p>Time (s) 0 0.5773</p> <p>$((^2BADE_{AP})_{IP})_{IU}$</p>
Trestavingsord	<p>Informant MC</p>  <p>Time (s) 0 0.944</p> <p>$((^1BANKSJ\ddot{A}FEN_{AP})_{IP})_{IU}$</p>	<p>Informant KB</p>  <p>Time (s) 0 1.335</p> <p>$((^2GULLBRANDSDALN_{AP})_{IP})_{IU}$</p>

5.2.2.2 Tonelag 1

Den fyrste rada syner tonelagsrealiseringa i einstavingsord i lomsmål, med uttala av ¹lån som døme. I eldre arbeid, mellom andre av Vanvik, vert det hevda at einstava ord i norsk er utan tonelag (Vanvik 1979:69). I Trondheimsmodellen vert det teke utgangspunkt i at einstavingsord alltid har tonelag 1. Argumentasjonen for dette er at einstava ord som innleier ein AP med fleire etterfylgjande ord og/eller stavingar vil føre til ein tonelag 1-AP, til dømes i ytringa ((det va(¹LÅN-du-sa_{AP})_{IP})_{IU}). I figur 5-33 ser vi at grunntonekonturen for ¹lån har LH-tonerørsla som er typisk for tonelag 1-aksentfrasar i lågtonedialektar. Det same gjeld for grunntonekonturane til fleirstavingsorda ¹badet og ¹banksjæfen, der baa aksentfrasane vert

innleidde med ein låg tone (L) og avslutta med fokal fraseaksent (H). Den initiale toppen som Fintoft og Mjaavatn hevdar er til stades i tonelag 1 i lomsmål, som ein ser i tonelagskurve D, er det vanskeleg å finne evidens for gjennom desse grunntonekonturane.

5.2.2.3 Tonelag 2

Grunntonekonturane til ²*bade* og ²*gullbrandsdalen* har ein tydeleg initial høg tone (H) som markerer starten på tonelag 2. Vidare i konturane er det eit fall ned til det lågaste punktet (L), der dei to tonelaga kan skiljast frå kvarandre, før konturane vert avslutta med fokal fraseaksent (H). Både konturane har dermed tonegangen HLH, som er karakteristisk for tonelag 2-aksentfrasar i lågtonedialektar. Tonelagskurve A i Fintoft og Mjaavatn sitt system har tonegangen HL – ein tonegang som manglar fraseaksenten (H). Grunntonekonturane i figur 5-33 syner derimot at alle orda har tydelege høge fraseaksentar i isolert uttale.

5.2.2.4 Oppsummering om tonelagsrealisering i lomsmål

I ”det va..”-testen (deltest II) synte det seg at beresetninga *det va* ___ *du sa* kunne generere mange ulike intonasjonsvariantar med testorda, og at fokal aksentuering av testordet åleine berre var ein av fleire moglege måtar å intonere ytringa på. Dersom ein freistar å isolere eit testord frå ei beresetning utan å ta omsyn til intonasjonen, vil ein lett kunne tolke intonasjonsfenomen som at dei høyrer til tonelaga. Dette synest å vere tilfelle med Fintoft og Mjaavatn sine analysar, der det ikkje kan ha vorte teke omsyn til transisjonsfenomen og fraseaksentuelle tilhøve. Med deira utgangspunkt har testorda vorte isolerte frå aksentfrasen, uavhengig av om denne inneheldt fleire stavingar enn berre testordet.

I Kristoffersen sine analysar vert det òg stipulert ein høg tone på ei trykklett staving føre tonelag 1-ord i nordgudbrandsdalsdialekt, ikkje ulikt tonelagskurve D i Fintoft og Mjaavatn si framstilling. I Trondheimsmodellen vil ein ikkje få ein høg tone på ei trykklett staving med mindre han representerer fraseaksenten på ein føregåande aksentfrase. Tonerørsla frå dei anakrustiske stavingane *det va* til L-tonen i tonelag 1 kan heller forklarast som eit transisjonsfenomen, og ikkje ein fonologisk høg tone.

I resultatata frå einskildord-testen (deltest I) er det vanskeleg å finne evidens for Fintoft og Mjaavatn si framstilling i tonelagskurvene D og A for lomsmål. Tvert om tyder desse resultatata på at lomsmål fylgjer det søraustnorske mønsteret for tonelagsrealisering. Grunntonekonturane syner det typiske mønsteret for aksentfrasar i lågtonedialektar ved at dei har LH- og HLH-tonerørsla for høvesvis tonelag 1 og tonelag 2.

5.3 Ulik tonelagsrealisering i lomsmål og skjåkmål?

5.3.1 Fintoft og Mjaavatn si framstilling av skjåkmål

Som eg var inne på i delkapittel 3.2.1, har Fintoft og Mjaavatn framstilt dei to grannemåla loms- og skjåkmål som tonalt heilt forskjellige. Medan lomsmålet er skildra med kurve D (tonelag 1) og kurve A (tonelag 2), vert skjåkmålet skildra med kurve A (tonelag 1) og kurve B (tonelag 2). Dersom dette er korrekt, har skjåkmål tonegangen HL i tonelag 1 og LHL i tonelag 2, altså ein tonegang som er meir typisk for høgtonedialektar i det vestnorske området. Tonelagskurvene er synt i figur 5-34⁴⁰ nedanfor:

Figur 5-34 Tonelagskurver for skjåkmål



I kapittel 5.2 la eg fram empirisk evidens som syner at lomsmål tydeleg kan plasserast innanfor lågtonedialektområdet, og at Fintoft og Mjaavatn har ei feilaktig framstilling av tonelagsrealisering i denne dialekten. Som eg har synt i det føregående, har lomsmål same tonelagsrealisering som søraustnorsk. Vil det same vere tilfelle for skjåkmål, eller kan det stemme at denne dialekten er tonalt heilt forskjellig frå lomsmål?


5.3.2 "Det va.."-testen (deltest II) i skjåkmål

Figur 5-35 syner informant KG si uttale av utbrytingssetninga *det va lånet du sa*, der testordet er tonelag 1-ordet *lånet*. Transkripsjonen for ytringa er synt i (18).


(18) ((det va(¹LÅNET-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

⁴⁰ Figur 3-2 frå kapittel 3.2.1.

Figur 5-35 det va ¹lånet du sa (informant KG)



Figur 5-36 Utsnitt av ordet ¹lånet frå kontur 5-35 (informant KG)




I 5-35 ovanfor ser vi at testordet *lånet* og dei ytringsfinale stavingane *du-sa* vert realiserte innanfor same fokale tonelag 1-AP, medan dei to ytringsinitiale stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte.

Dersom ein isolerer testordet frå grunntonekonturen i 5-35, vil grunntonekonturen for tonelag 1-ordet *lånet* sjå ut som i figur 5-36. Denne konturen er nesten identisk med den isolerte ordkonturen av bøverdals-informant MA si uttale i figur 5-5, der ¹*badet* fungerte som testord i same beresetning (sjå delkapittel 5.2.1.1).


Figur 5-37 syner informant MG si uttale av ytringa *det va låne du sa*, der testordet er tonelag 2-ordet *låne*. Ytringa er transkribert i (19) nedanfor.

(19) ((det va(²LÅNE-du_{AP})_{IP})(¹SA_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 5-37 det va ²låne du sa (informant MG)



Figur 5-38 Utsnitt av ordet ²låne frå kontur 5-37 (informant MG)



I grunntonekonturen i 5-37 dannar *låne* ein fokal tonelag 2-AP saman med *du*, medan sistestavinga *sa* er ein eigen fokal tonelag 1-AP. Fyrstestavingane *det va* er anakrustisk realiserte.

Isolert vil grunntonekonturen til tonelag 2-ordet *låne*, slik det vert uttala av informant MG, sjå ut som i figur 5-38. Dersom vi samanliknar denne med bøverdalsinformant MC si uttale i figur 5-20, der ²*bade* fungerte som testord i beresetninga, ser vi at grunntonekonturane for dei isolerte testorda er svært like, sett bort frå noko skilnad i durasjon.

Som eg kom fram til da eg undersøkte uttala av tilsvarende utbrytingssetningar i lomsmål, var grunntonekonturane i figur 5-35 og 5-37 frekvente intonasjonsmønster blant informantane. Likskapane i grunntonekonturane mellom informantane frå Lom og Skjåk gjer det vanskeleg å godta Fintoft og Mjaavatn si framstilling av dei to dialektane som tonalt heilt forskjellige. Også for skjåkmål ser det ut til at utbrytingssetninga *det va* __ *du sa* er ueigna til å skildre tonelagsrealisering.




5.3.3 Einskildord-testen (deltest I) i skjåkmål

I lomsmål gjennomførte eg ein einskildord-test (deltest I) for å sjå om dette var ei betre tilnærming for å forklare tonelagsrealisering samanlikna med korleis testorda vart intonerte i

beresetninga *det va __ du sa* (sjå delkapittel 5.2.2). Eg gjennomførte difor ei tilsvarande undersøking med dei to skjåkinformantane KG og MG.

Figur 5-39 er ei oversikt over tonelag 1- og 2-konturar i skjåkmål tufta på resultat frå einskildord-testen. Oversikta er organisert etter lengd på testorda og om dei vert realiserte som tonelag 1-aksentfrasar eller tonelag 2-aksentfrasar.

Figur 5-39 Tonelagsrealisering i skjåkmål

	Aksentfrasar med tonelag 1	Aksentfrasar med tonelag 2
Einstavingsord	<p>Informant MG</p>  <p>Time (s)</p> <p>$((^1BAD_{AP})_{IP})_{IU}$</p>	
Tostavingsord	<p>Informant MG</p>  <p>Time (s)</p> <p>$((^1LÅNET_{AP})_{IP})_{IU}$</p>	<p>Informant KG</p>  <p>Time (s)</p> <p>$((^2LÅNE_{AP})_{IP})_{IU}$</p>

5.3.4 Oppsummering om tonelagsrealisering i skjåkmål

Den fyrste rada syner tonelagsrealiseringa i einstavingsord i skjåkmål, med ¹*bad* som døme. Grunntonekonturen for ¹*bad* har LH-tonerørsla som er typisk for tonelag 1-aksentfrasar i lågtonedialektar. Det same gjeld for grunntonekonturen til tostavingsordet ¹*lånet*. Båe aksentfrasane vert innleidde med ein låg tone (L) og avslutta med fokal fraseaksent (H), og den initiale toppen som Fintoft og Mjaavtn hevdar er til stades i tonelag 1 i skjåkmål (tonelagskurve A) er ikkje til stades i desse konturane.

Grunntonekonturen til ²*lâne* syner ein HLH-tonegang som er typisk for tonelag 2-aksentfrasar i lågtonedialektar. Fintoft og Mjaavatn framstilte tonelag 2 i skjåkmål med tonegangen LHL (tonelagskurve B), ein tonegang som heller kjennteiknar tonelag 2-mønsteret for høgtonedialektar.

Skjåkmål har i likskap med lomsmål ei tonelagsrealisering som tydeleg plasserer dialekten innanfor lågtonedialektområdet. Fintoft og Mjaavatn si inndeling i tonelagskurve A og B for skjåkmål er det vanskeleg å finne evidens for gjennom desse resultatata.

5.4 Tonelagsrealisering i lomsmål og skjåkmål – oppsummering

I informantundersøkinga mi kom eg fram til at utbrytingssetninga *det va ___ du sa* genererer fleire ulike intonasjonsmønster på dei isolerte testorda både i lomsmål og skjåkmål, og at dette kan vere ei forklaring på at Fintoft og Mjaavatn framstilte tonelagskurvene for desse målføra som dei gjorde. Isolert uttale av testorda synte seg å gje eit meir korrekt bilete av tonelagsrealiseringa i aksentfrasar med tonelag 1 og 2.

Eg har synt at tonelagskonturane til brukarar av både loms- og skjåkmål er typisk lågtonedialektale, og at dei samsvarar med tonelagskurvene som vart nytta for å karakterisere søraustnorsk (Fintoft og Mjaavatn 1980:71,78):

Figur 5-40 Tonelagsrealisering i søraustnorsk



Mønsteret for aksentfrasar i lågtonedialektar har LH- og HLH-tonerørsle for høvesvis tonelag 1 og tonelag 2. Dette tilseier at denne undersøkinga, saman med andre undersøkingar som til no har vorte gjennomførte innan prosjektet 'Intonasjon som målmerke', gjer det naudsynt å konstruere eit nytt målførekart med tonale isoglossar. Resultata eg har kome fram til for både lomsmål og skjåkmål kan representerast i dette kartet, der desse måla altså vil vere ein del av same lågtonedialektale område som søraustnorsk og trøndersk.

6 Prosodiske særdrag i lomsmål

6.1 *Forseinka fraseaksent, stuttstavingar og etterleddstrykk*

I dette kapitlet presenterer eg resultat frå deltest III, 'utbrytingssetningar med kontekst', ein test som var utforma for å kunne avdekkje om fenomenet forseinka fraseaksent er til stades i lomsmålet, til liks med trøndersk. Vidare ser eg på fenomenene stutte stavingar og etterleddstrykk i lomsmålet. Eg tek her utgangspunkt i empiriske data frå undersøkinga mi og arbeid av Christiansen (1946-48), Ekre (1960), Dagsgard (2006) og Kristoffersen (2007b). Analysane er retta mot prosodiske særdrag i lomsmålet. Skjåkmålet er ikkje handsama i denne delen.

6.2 *Forseinka fraseaksent*

Som eg var inne på i delkapittel 2.4.2, har Nilsen funne ut at det er vanleg hjå trønderske språkbrukarar å realisere den høge tonen i fraseaksenten på ei seinare staving enn i søraustnorsk, dersom det finst stavingar å forskuve han til. Dersom det ikkje er ledige stavingar å flytte tonen til, vert fraseaksenten realisert som i søraustnorsk (Nilsen 1992:92ff). Fintoft og Mjaavatn tolka den forseinka fraseaksenten i trøndersk som ein initial høg tone i ein tonelag 1-kontur (tonelagstype D i deira system, sjå figur 2-7), noko som skil seg frå det søraustnorske mønsteret i tonelag 1-APar (tonelagstype C). Nilsen argumenterer for at trøndersk og søraustnorsk har lik tonelagsrealisering, men at dei to lågtonedialektane skil seg intonasjonsmessig frå kvarandre ved at trønderske språkbrukarar kan realisere fraseaksenten noko forseinka.

6.2.1 *Forseinka fraseaksent i lomsmål?*

Som vi såg i delkapittel 5.1.1, vart lomsmål i Fintoft og Mjaavatn sitt system skildra med tonelagstypene D og A for høvesvis tonelag 1- og tonelag 2-konturar, altså med same tonelag 1-kontur som i den trønderske inndelinga deira. Med grunntonekonturar som utgangspunkt for deskriptive analysar, diskuterer eg om lomsmålet har forseinka fraseaksent, og om dette intonasjonsfenomenet i så fall er like gjennomgåande i denne dialekten som i trøndersk. Ein eventuell forseinka fraseaksent er ikkje mogleg å kartleggje berre ved å undersøke ord uttala i

isolasjon. For at ei forseinking skal kunne finne stad, trengst det ei eller fleire stavingar å forskuveden høge tonen til.

I deltest III (utbrytingssetningar med kontekst), fekk eg informantane mine til å uttale lengre setningar med eitt eller to testord, der målet var å utløyse fokal fraseaksent på det eine eller bådtestorda. Val av beresetning i denne undersøkinga var inspirert av utbrytingssetninga *det va __presten sa* frå undersøkinga til Kristoffersen (2007a). Saman med kvar setning som informantane las, høyrde det til ei kontekstsetning som dei skulle lese fyrst (sjå tabell 4-8 i kapittel 4.6 for presentasjon av testytringane). Dømekonturane nedanfor er produserte av dei tre informantane MB, MC og KE. For å lette lesinga, vert spektrogram og fonemisk transkripsjon inkludert saman med grunntonekonturane i dette kapittelet. Spektrogram syner kvar i signalet lydstyrken er størst. Stemde eller meir sonore lydar er kjenneteikna ved mørkare område. Spektrogrammet kan vere til hjelp dersom ein ynskjer å finne grensene mellom segmenta.


6.2.1.1 Forseinka fraseaksent i ytring med to fokale APar

Figur 6-1 nedanfor syner grunntonekonturen og sprektrogrammet av informant MB si uttale av *det va syngje præsten sa*, der testorda er tonelag 2-ordet *syngje* og tonelag 1-ordet *præsten*.

I ytringa nedanfor er båd APane fokalt aksentuerte. For å lette lesinga vert konteksten teke oppatt føre kvar ytring. Intonasjonsytringa er transkribert i (20).

(20) Kontekst: *det va nynne klukkarn sa, men*
 Ytring: ((det va(²SYNGJE_{AP})_{IP})((¹PRÆSTEN-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-1 det va ²syngje ¹præsten sa (informant MB)




Dei to fyrste stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte. Det fyrste testordet *syngje* er ein fokalt aksentuert AP (²SYNGJE_{AP}), medan det andre testordet, *præsten*, dannar ein fokalt aksentuert AP saman med den ytringsfinale stavinga *sa*, slik at den siste APen vert (¹PRÆSTEN-sa_{AP}).

I grunntonekonturen i figur 6-1 ser det ut til at tonelag 2-APen *syngje* har ein høg tone på fyrste staving før han glir ned til ein låg tone, med ei karakteristisk HL-rørsle for tonelag 2 i ein lågtonedialekt. Konturen vert avslutta på eit relativt lågt nivå. Den høge tonen i fraseaksenten vert realisert på fyrste staving i neste AP, tonelag 1-APen *præsten-sa*. Slik dette ser ut reint lineært, kan tonen fonetisk tolkast som at han har noko med tonelaget i tonelag 1-APen å gjere.

I kapittel 5 kom eg fram til at lomsmål er ein lågtonedialekt med same tonelagsrealisering som i søraustnorsk og trøndersk, så korleis kan dette etter alt å dømme avvikande mønsteret forklarast? Dersom ein legg ein lineær analyse til grunn, slik som i Fintoft og Mjaavtn sitt arbeid, vil det vere nærliggjande å tolke denne toppen i konturen som ein initial høg tone i tonelag 1. I Trondheimsmodellen vil ikkje toppen tolkast som ein del av tonelagsrealiseringa til tonelag 1-APen, men som den forseinka fokale fraseaksenten til den føregåande tonelag 2-APen – slik Nilsen kom fram til for trøndersk (1992:92ff). Slik vert den initiale H-tonen i tonelag 1-APen (¹PRÆSTEN-sa_{AP}) tolka som eit fonetisk drag som fonologisk sett representerer H-fraseaksent i tonelag 2-APen (²SYNGJE_{AP}) framom. Dette er synt i den prosodiske treanalysen i figur 6-2.

Figur 6-2 Prosodisk trestruktur for ytringa i (20), informant MB




Her ser vi at den siste høge tonen i (²SYNGJE_{AP}) er realisert på fyrste staving i APen (¹PRÆSTEN-sa_{AP}) ved at det går ei linje frå H-tonen i tonesjiktet og til fyrste staving i tonelag 1-APen, samstundes som han er assosiert til AP-nivået i (²SYNGJE_{AP}) for å syne kvar han høyrer heime fonologisk sett.

6.2.1.2 Forseinka fraseaksent i ytring med fokal- og postfokal AP

Grunntonekonturen og spektrogrammet i figur 6-3 syner informant MC si uttale av *det va syngje præsten sa*, der testorda er tonelag 2-ordet *syngje* og tonelag 1-ordet *præsten*, til liks med dømet i (20). I denne ytringa er berre den fyrste APen fokalt aksentuert, medan den andre er uttala postfokalt. Transkripsjonen er synt i (21).

- (21) Kontekst: *det va ikkje nynne præsten sa, men*
 Ytring: ((det va(²SYNGJE_{AP})_{IP})(¹præsten-sa_{AP})_{IU})


Figur 6-3 det va ²syngje ¹præsten sa (informant MC)



Dei ytringsinitiale stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte, og det fyrste testordet *syngje* er ein fokalt aksentuert tonelag 2-AP (²SYNGJE_{AP}). Den siste APen er bygd opp av *præsten* og den ytringsfinale stavinga *sa*, som ihop utgjer den postfokale tonelag 1-APen (¹præsten-sa_{AP}).

Til liks med grunntonekonturen i figur 6-1, er det også her ein initial høg tone i tonelag 1-konturen (¹præsten-sa_{AP}) som representerer ein forseinka fraseaksent frå den føregåande tonelag 2-APen (²SYNGJE_{AP}). Skilnaden mellom intonasjonskonturane i 6-1 og 6-3 er at siste AP i figur 6-3 vert realiserert med ein ikkje-fokal fraseaksent, altså ein postfokal AP-kontur av tonelag 1-typen. I figur 6-1 er den siste APen realisert med fokal fraseaksent. Dette ser ein òg dersom ein samanliknar dei prosodiske trestrukturane i figur 6-2 og 6-4.


Figur 6-5 det va ²syngje ¹præsten sa (informant KE)



Grunntonekonturen til den fokale tonelag 2-APen *syngje* byrjar med ein topp og går ned til eit minimumspunkt, før han vert avslutta med fokal fraseaksent. Konturen til tonelag 1-APen *præsten-sa* byrjar ikkje med ein topp, i motsetnad til grunntonekonturen av informant MB si ytring i figur 6-1. Tvert om syner den eit fall ned til eit lågpunkt, før den vert avslutta med fokal fraseaksent. Den fokale fraseaksenten i tonelag 2-APen (²SYNGJE_{AP}) vert realisert på siste staving i same AP, og ikkje i fyrste staving i (¹PRÆSTEN-sa_{AP}). Samanlikna med informant MB si uttale av *det va syngje præsten sa*, er det ingen forseinka fraseaksent i informant KE si uttale av same ytring. Intonasjonsmønsteret i sistnemnde er i tråd med den søraustnorske måten å realisere fraseaksentar på, dersom ein samanliknar med Nilsen sine analysar av søraustnorsk (1992:91f).

Skilnaden mellom ytringane i (20) og (22) vert ikkje fanga opp av notasjonssystemet i Trondheimsmodellen, men vert representert gjennom prosodiske treanalysar. Figur 6-6 syner den prosodiske treanalysen av informant KE si ytring i (22).

Figur 6-6 Prosodisk trestruktur for ytringa i (22), informant KE



6.2.1.4 Oppsummering av funna

Grunntonekonturane frå ytringane til informantane MB og MC syner at intonasjonsfenomenet forseinka fraseaksent er til stades i lomsmål etter fokalt aksentuerte testord, noko som kan vere ei årsak til at Fintoft og Mjaavatn kom til å framstille tonelag 1-konturen i lomsmål som type D, til liks med trøndersk. Bruken av forseinka fraseaksent hjå informantane i deltest III er synt i tabell 6-1 nedanfor.

Tabell 6-1 Forseinka fraseaksentar (utbrytingssetningar med kontekst, deltest III)

Utbrytingssetning		Forseinka fraseaksent (tal på informantar)	
		Ja	Nei
1 A	det va SYNGJE PRÆSTEN sa	6	6
1 B	det va SYNGJE præsten sa	4	8
2 A	det va NYNNE GUTEN sa	5	7
2 B	det va NYNNE guten sa	6	6
3 A	det va NYNNE GUBBEN sa	8	4
3 B	det va NYNNE gubben sa	5	7
4 A	det va LÅNE BANKSJEFEN sa	4	8
4 B	det va LÅNE banksjefen sa	5	7
5 A	det va LÅNET BANKSJEFEN sa	4	8
5 B	det va LÅNET banksjefen sa	3	9

Som ein kan sjå av tabellen, var det òg ein stor del av informantane som uttala testytringane utan forseinka fraseaksent. Desse resultatane kan tyde på at sjølv om forseinka fraseaksent vert nytta i lomsmål, så er det ikkje like gjennomført i dette målføret som i trøndersk.

I materialet mitt observerte eg mellom anna at eldre talarar av lomsmål ser ut til å nytte forseinka fraseaksent i noko større grad enn dei yngre informantane. I tillegg kan det sjå ut til å vere noko variasjon mellom Fossbergom (sentrum) og Bøverdals-varietetten av lomsmål ved at informantane frå sistnemnde nyttar forseinka fraseaksent i større grad enn informantane frå sentrum.

Det trengst meir omfattande undersøkingar av lomsmål for å vurdere om forseinka fraseaksent er eit individuelt vilkårsbunde språkdrag, eller om talarar av lomsmål kan veksle mellom bruk av forseinka eller ikkje-forseinka fraseaksent.

6.3 *Stuttstava ord i lomsmål*

6.3.1 Kvantitetstilhøve

I kapittel 3.1 nemnde eg at målføra i Nord-Gudbrandsdalen framleis har restar av norrønt kvantitetssystem i ord med stutt rotstaving i trykksterk posisjon. Ord med stutt rotstaving kan ha ei eller to stavingar, og stutte tostavingsord vert oftast referert til som jamvektsord i dialektologiske arbeid, til dømes i Christiansen (1946-48) og Ekre (1960). Desse orda vart ikkje forlengte gjennom kvantitetsomlegginga som elles slo gjennom i norske målføre. Enkelt forklart førte denne omlegginga til ei forlenging av tidlegare stutte stavingar, enten ved vokal- eller konsonantforlenging (Christiansen 1946-48:34f,118ff).

Når det gjeld tonelagsrealisering i stutte tostavingsord i nordgudbrandsdalsmåla, vert det ikkje sagt mykje om dette i dei eldre dialektologiske arbeida eg har teke føre meg. Dei er mest opptekne av korleis trykket er fordelt på dei to stavingane, til dømes kan fylgjande lesast i Christiansen:

Når et jamvektsord her nevnes alene ('materialiter') eller står som apposisjon, er begge vokaler korte og trykket jamt fordelt på begge stavingene. Men hvis et jamvektsord blir logisk uthevd av setningsaksenten, får det lett overvekt på den ene av stavingene etter følgende regel: står ordet inne i setningen, får 1. staving noe større ekspiratorisk vekt, og vokalen i denne staving blir noe forlenget, står det derimot i pausestilling, gjelder det samme for siste staving (endebetoning, oksytonering) (Christiansen 1946-48:195).

Kristoffersen (2004,2007b) har gjennomført fonetiske analysar av jamvekt i nordgudbrandsdalsmål, og hevdar at jamvekt i dette målføret berre oppstår i ord som har tonelag 2:

Tonelag, dvs. enten tonelag 1 eller tonelag 2, er knyttet til primærtrykksstavelser i norsk. Som nevnt i avsnitt 1 er det at jamvekt bare finnes i tonelag 2-ord, i seg selv en svært sterk indikasjon på at tonelag må være en avgjørende faktor for forståelse av jamvekt (Kristoffersen 2007b:205).

Samstundes hevdar han at andre staving i jamvektord kan tolkast som ein sjølvstendig tonelag 1-melodi:

Konklusjonen er at jamvektseffekten oppstår fordi tonelag 2-melodien på grunn av den korte rotstavelsen synkroniseres annerledes med stavelsesstrukturen i jamvektord. Dette fører til at andrestavelsen i jamvektord kan oppfattes som et eget tonelagsdomene med tonelag 1, samtidig som begge stavelserne har en melodi som tilsvarer et fullt tonelag 2-forløp (Kristoffersen 2007b:187).

6.3.2 Ein deskriptiv analyse av stuttstava ord i lomsmål

Både einskildord-testen (deltest I) og ”det va..”-testen (deltest II) inneheldt nokre ord med stutte stavingar (ein- og tostavingsord). Her nyttar eg Trondheimsmodellen i eit forsøk på å representere skilnadene mellom ord med normale kvantitetstilhøve og stuttstava ord i lomsmålet.


6.3.2.1 Isolerte uttaler av stuttstava og normallange ord

I figur 6-7 ser vi grunntonekonturen av informant KB si uttale av ordet ²lågå, som har to stutte stavingar. Grunntonekonturen i 6-8 syner det normallange tostavingsordet ²bade uttala av same informant. Dei transkriberte ytringane er synt i (23) og (24).


(23) (((²LÅGÅ_{AP})_{IP})_{IU})

(24) (((²BADE_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-7 Grunntonekontur for ²lågå
uttala av informant KB



Figur 6-8 Grunntonekontur for ²bade
uttala av informant KB




I grunntonekonturen i 6-7 kjem den initiale høge tonen på eit noko lågare hertz-nivå enn den tilsvarande høge tonen i figur 6-8. Sidan bae stavingane i ²lågå er stutte, vert det mindre tid til å realisere den fullstendige HLH-melodien i tonelag 2-APen samanlikna med det normallange ²bade. Tidslinja i grunntonekonturen, Time (s), syner at det stuttstava ordet ²lågå vert uttala på litt mindre tid enn det normallange ²bade. Informant KB nytta 0.5016 sekund på å uttale ²lågå, medan ²bade vart uttala på 0.628 sekund. Sistnemnde var altså i overkant av 0.1 sekund lenger enn stuttstavingsordet ²lågå. Vi ser også at lågpunktet (L-tonen) i stuttstavingsordet ²lågå kjem i den andre stavinga gå, medan L-tonen i det normallange ²bade kjem på slutten av den fyrste stavinga ba. Dette kan samanliknast med Kristoffersen sine analysar, der han hevdar at fallet ned til lågtonen i jamvektsord finn stad i byrjinga av endestavinga, medan fallet i tostava tonelag 2-ord med lang rotstaving finn stad i rimet i rotstavinga (2007b:207f).

Grunntonekonturen i 6-9 og transkripsjonen i (25) syner det stutte einstavingsordet ¹døl, og figur 6-10 syner einstavingsordet ¹lån med normallang staving, transkribert i (26). Båe ytringane er uttala av informant KD.


(25) (((¹DØL_{AP})_{IP})_{IU})

(26) (((¹LÅN_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-9 Grunntonekontur for ¹døl, uttala av informant KD



Figur 6-10 Grunntonekontur for ¹lån, uttala av informant KD



Det stuttstava ordet ¹døl realiserer LH-melodien med nesten 0.2 sekund mindre tid enn det normallange ¹lån i informant KD si uttale. Skilnaden mellom dei to konturane er lengda, elles er båe ytringane døme på typiske tonelag 1-APar med fokal fraseaksent i ein lågtonedialekt.


6.3.2.2 Stuttstava og normallange ord i ei lengre ytring

I figur 6-11 ser vi grunntonekonturen til informant MA si ytring *det va ²lågå du sa*, med det stuttstava ordet ²lågå som testord. Den transkriberte versjonen av ytringa er synt i (27). Figur 6-12 syner grunntonekonturen for ytringa i (28), som er same informant si uttale av ytringa *det va ²bade du sa*. Testordet ²bade har normale kvantitetstilhøve.


(27) ((det va(²LÅGÅ-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

(28) ((det va(²BADE-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-11 det va ²lågå du sa (informant MA)



Figur 6-12 det va ²bade du sa (informant MA)



I figur 6-11 vert testordet ²lågå og dei ytringsfinale stavingane *du-sa* realiserte innanfor same tonelag 2-AP, medan dei ytringsinitiale stavingane *det va* vert anakrustisk realiserte. Som vi kan sjå av tidslinja i grunntonekonturen, nytta informant MA 1.009 sekund på å uttale heile ytringa, og av denne var testordet ²lågå om lag 0.3 sekund langt.

Grunntonekonturen for *det va 2bade du sa* er synt i figur 6-12. Informant MA nytta 1.264 sekund på å uttale heile ytringa, og testordet ²bade tok om lag 0.5 sekund av denne tida.

Sett bort frå ein skilnad i tid – både for heile ytringa og testorda – er dei to grunntonekonturane i 6-11 og 6-12 svært like. Samanlikna med isolert uttale av ²lågå, innleier testordet her ein AP med fleire etterfylgjande stavingar. Dermed får HLH-tonerørsla i tonelag 2-APen ”betre tid” og fleire stavingar å realisere seg på etter testordet samanlikna med isolert uttale (jamfør figur 6-7).

6.3.2.3 Eit nytt nivå i den prosodiske trestrukturen

Dersom det er tilfelle at tonelagsrealiseringa er den same for stuttstava- og normallange ord, korleis kan skilnaden mellom dei to kvantitetstilhøva representerast i Trondheimsmodellen? Transkripsjonane – og til ein viss grad grunntonekonturane – greier ikkje å fange opp skilnadene, så vi må finne ei anna løysing. Med utgangspunkt i prosodiske trestrukturar utvidar eg det eksisterande hierarkiet med eit nytt nivå; moranivået. Dette vil gjere det enklare å syne skilnaden i kvantitetstilhøva mellom stuttstava og normallange ord. I tillegg syner det at ord med ei eller to stutte stavingar i lomsmål faktisk kan få primærtrykk og tonelagsrealisering, trass i at dei er stutte.

Innan autosegmental metrisk fonologi (sjå mellom andre Hayes 1995) kan moraer nyttast som einingar for å syne stavingsvekt og stavingslengd, og dei er lokaliserte mellom stavinga og segmentnivået (Hayes 1995:50ff). Universelt kan vokal- og konsonantlengd


skildrast med fylgjande morarepresentasjon: lang vokal får to moraer ($\mu\mu$), lang konsonant får éin mora (μ), stutt vokal får éin mora (μ) og stutt konsonant får ingen mora.

Pierrehumbert og Beckman inkluderer moranivået i det prosodiske hierarkiet sitt i samband med analysar av japanske tonestrukturar (Pierrehumbert og Beckman 1988:21,118ff). I deira modell er moranivået lokalisert under stavingsnivået, og vert såleis det lågaste nivået i det prosodiske treet. Moraene fungerer dermed som toneberande einingar og vert assosierte til tonesjiktet, eventuelt direkte til segmentnivået.

Basbøll (2005:275f) skriv fylgjande om korleis skilnaden mellom stutte trykksterke stavingar og normallange stavingar i nordgudbrandsdalsdialekt kan synast ved hjelp av moraanalyse. Dette er illustrert i figur 6-13.⁴¹

In the dialect of the North Gudbrand Valley (Nord-Gudbrandsdalen in Norway) (see Kristoffersen 1992), moraic obstruents as well as moraic sonorants occur (as in standard Norwegian, unlike the situation in Danish). However, in stressed position not only heavy (bimoraic), but also light (monomoraic) syllables are found (similar to the situation on Danish in this respect, but different to standard Norwegian or Swedish). The occurrence in the North Gudbrand Valley dialect of light stressed syllables (e.g. in *lesa*, *las*, infinitive and past tense form of the verb 'read'), according to the syllabic-moraic analysis of Kristoffersen, implies that both vowel length and consonant length must be considered distinctive (Basbøll 2005:275).


Figur 6-13 Morastruktur i stavingar i nordgudbrandsdalsdialekt




Eg tek delvis utgangspunkt i Pierrehumbert og Beckman (1988) når eg forsøksvis utvidar Trondheimsmodellen sitt prosodiske hierarki med eit moranivå. Den prosodiske trestrukturen i figur 6-14 er laga med utgangspunkt i KB si ytring i (23), stuttstavingsordet ($((^2LÅGÅ_{AP})_{IP})_{IU}$). Den prosodiske trestrukturen i figur 6-15 er laga med utgangspunkt i ytring (24), ($((^2BADE_{AP})_{IP})_{IU}$), som òg vart uttala av informant KB. Dette ordet har normale kvantitetstilhøve.

⁴¹ Figuren har Basbøll henta frå Kristoffersen (1992). Frå venstre mot høgre syner figuren morastrukturane til fylgjande ord: *lås*, *lass* og *las*.

Figur 6-14 Prosodisk trestruktur m/moranivå, ytring (23), ²lågå



Figur 6-15 Prosodisk trestruktur m/moranivå, ytring (24), ²bade



Både fyrste og andre staving i ²lågå har éin mora, som kunne verte nytta for å representere stutt vokal, slik vi såg i strukturen lengst til høgre i figur 6-13. Den initiale H-tonen er bunden til den einmoraiske stavinga *lå* initialt i ordet. L-tonen vert forskuvd ut i den siste stavinga *gå*, og vert såleis assosiert til moraen i denne, der også H-tonen som markerer fokal fraseaksent vert realisert. I grunntonekonturen i figur 6-7 såg vi at lågpunktet i stuttstavingsordet ²lågå ikkje kom før i den andre stavinga, *gå*. Som nemnt i 6.3.1, argumenterer Kristoffersen for at siste staving i jamvektsord kan oppfattast som eit eige tonelag 1-domene med LH-tonerørsle. Samstundes er jamvektsord kjenneteikna av eit tonelag 2-forløp (ibid.:187, 219).

I den prosodiske trestrukturen for isolert uttale av det normallange tostavingsordet ²bade i figur 6-15, ser vi at den lange stavinga initialt i ordet har to moraer, til liks med den fyrste strukturen synt i figur 6-13. Sidan den lange stavinga *ba* har ein ledig mora til både H- og L-tonen i tonelag 2-realiseringsa, er det ikkje noko forskuving av L-tonen her, slik vi såg i trestrukturen for ²lågå.

Analysane eg har presentert her, må reknast som førebelse. Eg har fyrst og fremst ynskt å syne at Trondheimsmodellen kan utvidast med eit moranivå, som kan gjere det mogleg å strukturelt skildre ulike kvantitetstilhøve.

6.4 Etterleddstrykk i lomsmål

6.4.1 Etterleddstrykk som prosodisk fenomen

Dei fleste norske dialektar vil nytte normalt trykkmønster når fleire ord vert sette ihop, slik at primærtrykket kjem på fyrste ledd. Som eg var inne på i kapittel 3.1, finn ein i einskilde dialektar – mellom dei lomsmålet – eit fenomen i somme samansetjingar som vert kalla etterleddstrykk. Dette vil stutt forklart seie at primærtrykket fell på andre samansetjingsledd.

Christiansen meiner at dette særskilde trykkmønsteret ser ut til å oppstå berre i samansette ord som i andre dialektar har tonelag 2: ”Aksentskiftet skjer bare i ord som har dobbelt tonelag; ord med enkelt tonelag beholder både tonelaget og framleddsaksenten under bøyning” (Christiansen 1946-48:197). Om ho meiner tonelaget for heile samansetjinga, eller berre fyrsteleddet, kjem ikkje klårt fram.

Ekre peikar på at ”[...] I vårt målføre skiplast ikkje trykket nemnande om etterlekken er einstava eller fleirstava” (Ekre 1960:11). Han peikar derimot på fleire morfo-fonologiske tilhøve i fyrste samansetjingsledd som er avgjerande for etterleddstrykk (ibid.:10ff).

Etterleddstrykk er ikkje unikt for måla i Nord-Gudbrandsdalen, men i det fylgjande tek eg føre meg etterleddstrykk slik det opptrer i lomsmålet, utan å generalisere dette til å gjelde andre målføre med etterleddstrykk i Noreg.


6.4.2 Ord med etterleddstrykk uttala i isolasjon (deltest I)

I einskildord-testen (deltest I) inkluderte eg nokre samansette ord der eg venta å finne etterleddstrykk i uttalene til informantane. Nedanfor er døme på grunntonekonturar og analysar av ytringar frå informantane MA, KA og ME.

Grunntonekonturen i 6-16 syner informant MA si uttale av ordet *gamelstugu*. Transkripsjonen for ytringa er synt i (29).

(29) ((gamel(¹STUGU_{AP})IP)IU)

Figur 6-16 Grunntonekontur for *gamel¹stugu*, uttala av informant MA




Heile fyrsteleddet *gamel* er uttala med anakrustiske og tonalt frie stavingar hjå denne informanten. Primærtrykket, og tonelagsrealiseringa, vert realisert på fyrste staving i siste ledd av samansetjinga, ¹*stugu*, som vert realisert som ein fokal tonelag 1-AP, (¹STUGU_{AP}).

Grunntonekonturen i figur 6-17 syner informant KA si uttale av ordet *dørklinke*, og ytringa er transkribert i (30).

(30) ((dør(¹KLINKE_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-17 Grunntonekontur for *dør¹klinke*, uttala av informant KA




I grunntonekonturen ser vi at fyrsteleddet *dør* er anakrustisk realisert, medan sisteleddet ¹*klinke* dannar ein fokalt aksenturert tonelag 1-AP, (¹KLINKE_{AP}). I likskap med *gamelstugu*, skjer tonelagsrealiseringa på sisteleddet, medan fyrsteleddet er uttala trykklett og tonalt fritt.

I grunntonekonturen i figur 6-18 er informant ME si uttale av stadnamnet *Sognefjeillet*. Transkripsjonen er synt i (31).

(31) ((sogne¹FJEILLET_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-18 Grunntonekontur for *sogne¹fjeillet* uttala av informant ME



Uttala av ytring (31) følgjer same intonasjonsmønster som dei to føregåande. Fyrsteleddet *sogne* er uttala med trykklette og tonalt frie stavingar, medan tonelaget er realisert i ein fokal tonelag 1-AP, (¹FJEILLET_{AP}).

6.4.3 Førekomster av etterleddstrykk hjå informantane

I tabell 6-2 er eit oversyn over tal på førekomster av etterleddstrykk i uttala av einskildord (deltest I) hjå dei 12 informantane frå Lom kommune. Fyrste kolonne frå venstre syner dei aktuelle testorda der eg venta at etterleddstrykk skulle oppstå, andre kolonne syner tal på førekomster av etterleddstrykk og tredje kolonne syner tal på førekomster av primærtrykk på fyrsteleddet, som er det vanlege trykkmønsteret i samansette ord i norsk.

Tabell 6-2 Etterleddstrykk (einskildord-testen, deltest I)

Testord	Førekomster av etterleddstrykk (tonelagsrealisering på 2.ledd)	Førekomster av normaltrykk (tonelagsrealisering på 1.ledd)
dørklinke	10	2
gamelstugu	12	-
Sognefjeillet	12	-
vaffelrøre	12	-

Vi ser av tabellen at dei aller fleste informantane nyttta etterleddstrykk i dei fire testorda. Unntaket er ein informant frå Øvre Bøverdalen (MA) og ein frå Fossbergom (MD), som heller ville seie *døraklinke* enn *dørklinke*, der sistnemnde var forma eg hadde nytta i

testmaterialet som vart presentert for informantane. Skilnaden mellom desse uttalevariantane er at *dørklinke* kan verte – og vert det av dei øvrige informantane mine, som synt i tabell 6-2 – uttala med etterleddstrykk, medan *døraklinke* ikkje vert det. Informantane MA og MD uttala *døraklinke* som ein tonelag 2-AP, (⁽²⁾DØRAKLINKE_{AP})_{IP})_{IU}).


6.4.4 Etterleddstrykk i lengre ytringar (deltest II)

Orda med etterleddstrykk vart også uttala i utbrytingssetninga *det va __ du sa* for å sjå om det var noko intonasjonsmessig skilnad på orda i isolert uttale og i ei lengre ytring. Nedanfor er døme på grunntonekonturar og analysar av ytringar frå informantane MC og KD.

Grunntonekonturen i 6-19 syner informant MC si uttale av ytringa *det va vaffelrøre du sa*. Transkripsjonen for ytringa er synt i (32).

(32) ((det va vaffel(¹RØRE-du_{AP})_{IP})(¹SA_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-19 Grunntonekontur for ytringa i (32), uttala av informant MC




Fyrste ledd av testordet, *vaffel*, vert uttala trykklett og tonalt fritt saman med *det va* i den anakrustiske sekvensen *det va vaffel*. Tonelagsrealiseringa skjer på *røre*, som dannar ein fokalt aksentuert tonelag 1-AP saman med *du* i (¹RØRE-du_{AP}). Den siste stavinga *sa* utgjer ein fokal tonelag 1-AP, (¹SA_{AP}).

I grunntonekonturen i 6-20 ser vi informant KD si uttale av ytringa *det va Sognefjeillet du sa*, og transkripsjonen for ytringa er synt i (33).


(33) ((det va sogne(¹FJEILLET-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-20 Grunntonekontur for ytringa i (33), uttala av informant KD



I denne uttala er *det va sogne* uttala som tonalt frie, trykklette stavingar. Tonelaget vert fyrst realisert på *fjeillet*, som dannar ein fokalt aksentuert tonelag 1-AP saman med dei ytringsfinale stavingane *du-sa* i APen (¹FJEILLET-du-sa_{AP}). I grunntonekonturen ser vi ein topp initialt i APen. Som eg peika på i delkapittel 5.2.1.5, bør ikkje slike små grunnfrekvensutslag i konturen tolkast som ein fonologisk høg tone, men heller reknast som ein overgang frå dei anakrustiske stavingane til starten på tonelagsrealiseringa i APen, eit såkalla transisjonsfenomen. Den prosodiske treanalysen av ytringa er synt i figur 6-21.

Figur 6-21 Prosodisk trestruktur for ytringa i (33), informant KD




6.4.5 Etterleddstrykk i spontan tale

I tillegg til dei orda eg hadde valt ut som testord i deltest I og II, fekk eg òg nokre få førekomster av ord med etterleddstrykk i dei uformelle intervju (deltest IV). For å ha litt meir empirisk data å ta utgangspunkt i, i tillegg til resultatata frå testmaterialet,⁴² inkluderer eg eit døme på ein grunntonekontur frå intervjuet med informant MD.

I figur 6-22 nedanfor er grunntonekonturen av ytringa *Særleg i Bøverdalen og Garmo da* produsert av informanten MD. Ytringa er transkribert i (34).

(34) (((²SÆLE-i-bøve_rAP)_{IP})((¹daln-å_{AP})(²GARMO-da_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-22 Grunntonekontur for ytringa i (34), uttala av informant MD



s æ: l e i b ø v ə d a: η o g a: r m u: d a

I denne ytringa er *bøver* uttala trykklett i ein fokal tonelag 2-AP, (²SÆLE-i-bøve_rAP), der altså *sæle* er det prosodiske ordet som gjev tonelag til APen. Stadnamnet *Bøverdalen* er døme på eit ord med etterleddstrykk, sidan tonelaget i informant MD si uttale ikkje vert realisert på fyrste leddet *bøver*, men på siste leddet *daln*, som dannar ein prefokal tonelag 1-AP saman med *å* (¹daln-å_{AP}). Sist i ytringa er den fokale tonelag 2-APen (²GARMO-da_{AP}).

Frå dei uformelle samtalene (deltest IV) fann eg også orda *sjøl¹dæle* og *sta¹kjørd*, som baa får etterleddstrykk, men etterleddstrykk var elles ikkje hyppig representert i intervju.


6.4.6 Einskildord og lengre ytringar utan etterleddstrykk

Informantane uttala også samansette ord der tonelagsrealiseringa – og trykkplasseringa – samsvara med det vanlege mønsteret i norsk. I grunntonekonturen i figur 6-23 ser vi informant ME si uttale av einskildordet *barnehågå*, og transkripsjonen er synt i (35).

⁴² Etterleddstrykk-orda som vart nytta i testmaterialet (deltest I og II) er synt i tabell 6-2.

(35) (((²BARNEHÅGÅ_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-23 Grunntonekontur for ytringa i (35), uttala av informant ME




b a: η ə h ɔ g ɔ

I denne uttala av *barnehågå* finn tonelagsrealiseringa stad i fyrste staving i fyrste samansetjingsledd, og grunntonekonturen speglar ein karakteristisk lågtonedialektal tonelag 2-aksentfrase.

Grunntonekonturen i figur 6-24 og transkripsjonen i (36) syner informant KF si uttala av den lengre ytringa *det va barnehågå du sa*.

(36) ((det va(²BARNEHÅGÅ-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Figur 6-24 Grunntonekontur for ytringa i (36), uttala av informant KF



d ə v a b a: η ə h ɔ g ɔ d ʌ s a:

Her er fyrstestavingane *det va* anakrustiske, medan testordet *barnehågå* dannar ein fokal tonelag 2-AP saman med *du-sa*. Tonelagsrealiseringa skjer altså initialt i testordet, og ikkje ved det andre leddet. Dette er skilnaden mellom grunntonekonturane for ytringa *det va* ²*barnehågå du sa* og ytringa *det va Sogne¹fjeillet du sa* i figur 6-20.

Resultata syner at samansette ord med etterleddstrykk vert uttala med eit anna intonasjonsmønster enn samansette ord med normale trykktilhøve, og er såleis eit godt døme

på at primærtrykk er ein føresetnad for tonelagsrealisering, slik Trondheimsmodellen seier (jamfør figur 2-1 i kapittel 2.3).

6.4.7 Vilkår for etterleddstrykk

Med utgangspunkt i grunntonekonturane og analysane kan det stipulerast eit sett med vilkår for kva slags morfo-fonologiske tilhøve som må vere til stades for at etterleddstrykk skal oppstå i lomsmålet. Det er ikkje sikkert at desse vilkåra er relevante for andre dialektar med etterleddstrykk, og eg har allereie presisert at eg berre tek føre meg fenomenet slik det opptrer i lomsmålet.

Eg nyttar data frå informantundersøkinga mi og døme frå Christiansen (1946-48), Ekre (1960) og Dagsgard (2006).⁴³ Vilkåra er i stor grad tufta på desse arbeida, men eg har freista å systematisere dei stipulerte reglane.⁴⁴ I vilkåra i (37) nedanfor har eg formulert kva for tilhøve som ser ut til å utløyse etterleddstrykk i lomsmål.

(37) Vilkår for etterleddstrykk

Morfo-fonologiske tilhøve i fyrste samansetjingsledd som må vere til stades for at etterleddstrykk skal oppstå:

1. Ordet er eit overvektsord med maksimalt to stavingar, der siste staving er trykklett, -ə/-əl/-ər, t.d. *Sogne¹fjeillet* [sɔŋnə¹fjæɪlɔ], *gamel¹stugu* [gaməɫ¹stʉgʉ]/[gaməɫ¹ʃtʉgʉ], *vaffel¹røre* [vafəl¹rø:rə], *Bøver¹daln* [bøvə¹dɑ:n], *sæter¹mårkje* [sætər¹mørʃe], *kyrkje¹gard* [çʏrʃə¹gɑ:ɾ], *fiske¹bu* [fiskə¹bʉ:], *finger¹vått* [fiŋər¹vot]
2. Ordet er eit stuttstava einstavingsord, t.d. *dør¹klinke* [dør¹kɾɪŋkə], *sjøl¹dæle* [ʃø¹dæ:ɾe], *sta¹kjørd* [sta¹çød], *grån¹bar* [grøn¹ba:r], *ha¹feille* [ha¹fæɪlɔ]

Sogne¹fjeillet, *gamel¹stugu* og *vaffel¹røre* frå einskildord-testen i informantmaterialet mitt får etterleddstrykk, og stemmer overeins med vilkår 1 ved at dei endar på ei trykklett staving i fyrste ledd. Etterleddstrykk finn vi òg i *dør¹klinke* frå nemnde test, og dette ordet stemmer overeins med vilkår 2 ved at det samansette ordet har ei stuttstaving i fyrste ledd.

⁴³ Døme frå Ekre (1960:10ff): *kyrkje¹gard*, *sæter¹mårkje*, *grån¹bar*. Døme frå Dagsgard (2006:181): *finger¹vått*, *ha¹feille*. Døme frå Christiansen (1946-48:200): *fiske¹bu*.

⁴⁴ Døma i vilkår 1 og 2 (37) er fyrst skrivne med dialektnær ortografi (i tråd med testmaterialet i undersøkinga mi), deretter står den fonetiske transkripsjonen i hakeklammer. Eg har nytta ein meir detaljert fonetisk transkripsjon på dømeorda her enn elles i avhandlinga fordi eg vurderte det som naudsynt for å forklare morfo-fonologiske kjenneteikn ved orda med etterleddstrykk. Delen av samansetjinga som fører til etterleddstrykk er markert med feit skrift.

Frå dei uformelle samtalene (deltest IV) fann eg orda *Bøver¹daln*, *sjøl¹dæle* og *sta¹kjørd*, og alle desse får etterleddstrykk. I *Bøver¹daln* endar fyrsteleddet på ei trykklett staving, og det stemmer såleis overeins med vilkår 1. Dei andre orda vert uttala med stuttstava ord i fyrsteleddet, og har med dette vilkår 2 til stades.⁴⁵

Ordet *²røvarbande* frå einskildord-testen var eit døme på eit samansett ord utan etterleddstrykk. Her er ikkje dei morfo-fonologiske vilkåra for etterleddstrykk til stades. Det same gjeld for orda *²skulongein*, *²fræmonord*, *²bokmålsord* og *²bygdafålk* frå dei uformelle samtalene. Elles er det verdt å merke seg at samansetjingar der fyrsteleddet er eit jamvektsord, ikkje får etterleddstrykk (sjå Ekre 1960:11 og Christiansen 1946-48:200).

Som eg sa i delkapittel 6.4.1, synest Christiansen å meine at etterleddstrykk berre oppstår i samansette ord som har tonelag 2 i målføre som ikkje har etterleddstrykk. I informantmaterialet mitt fann eg eit par unntak frå dette. Ordet *vaffelrøre* vart uttala med etterleddstrykk, altså *vaffel¹røre*, av alle dei 12 informantane frå Lom (jamfør tabell 6-2). Eg går ut frå at dette ordet vert uttala som *¹vaffelrøre*, altså med primærtrykk og tonelag 1-realiserings på fyrste ledd, i dei fleste norske dialektar utan etterleddstrykk. Vidare vert stadnamnet *Bøverdalen* uttala med etterleddstrykk i lomsmål, altså *Bøver¹daln*, som vi såg døme på i informant MD si uttale i ytring (34). I dei fleste andre målføre vil nok ordet fylgje vanleg mønster med primærtrykk og tonelag 1-realiserings på fyrste ledd, *¹Bøverdalen*.

Eg har for lite materiale til å vurdere kor frekvent etterleddstrykk er i samansetjingar som i andre målføre har tonelag 1, og om det eventuelt gjeld mange andre ord i lomsmål enn dei eg har synt døme på. Ut frå materialet er hovudtendensen uansett at etterleddstrykk oftast gjeld samansette ord som i andre målføre har tonelag 2, slik Christiansen peikar på.

6.4.8 Er etterleddstrykk framleis produktivt?

I tabell 6-3 nedanfor gjev eg døme på ord som ikkje får etterleddstrykk, trass i at dei morfo-fonologiske tilhøva som utløyser etterleddstrykk, er til stades (jf. vilkår 1 i (37)). Desse orda får i staden primærtrykk og tonelagsrealiserings på fyrste ledd, i tråd med det vanlege mønsteret i norsk.

⁴⁵ Ordforklarings: ha¹feille (gjerde), sjøl¹dæle (å gå i eigne tankar), sta¹kjørd (lei, utsliten).

Tabell 6-3 Ord utan etterleddstrykk

Ord med -ə/-əl/-ər i fyrste ledd (vilkår 1), men utan etterleddstrykk
² barnehågå [²ba:ŋəhɔgɔ]
¹ bringjebær [¹brɪŋjəbæ:r]
² bæstemor [²bæstəmɔr]
² graderstokk [²grɑ:dəʃtɔk]
² kjøleskåp [²çø:ʃsko:p]
² skrivebok [²skrivəbu:k]
² tonefaillet [²tu:nəfaiʎə]

Av desse orda er *barnehågå*, *bæstemor*, *bringjebær* og *tonefaillet* henta frå informantundersøkinga, og dei tre øvrige døma er henta frå Dagsgard (2006).⁴⁶

Grunntonekonturen i figur 6-23 i delkapittel 6.4.6 syner at *barnehågå* vert uttala med typisk tonelag 2-realiserings. Trass i at fyrsteleddet i ordet sluttar på den trykklette stavinga -ə, og elles stemmer overeins med dei stipulerte vilkåra i 1, får ikkje ordet etterleddstrykk. Dette gjeld også for resten av orda i tabellen; *bæstemor*, *graderstokk*, *kjøleskåp*, *skrivebok* og *tonefaillet*. Eg skal ikkje utelukke at somme morsmålsbrukarar av lomsmål kan finne på å uttale nokre av desse orda med etterleddstrykk, men ingen av informantane mine nytta etterleddstrykk på dei fire orda frå undersøkinga mi.

Når det gjeld ordet *bringjebær*, skulle også det hatt etterleddstrykk etter vilkåra i 1, men dette vert i tillegg uttala med tonelag 1. Dagsgard hevdar at etterleddstrykket i dette ordet vert hindra av tonelag 1 i fyrste ledd:

Til dømes heiter det *brin'gəbæ:r*, *haig'gʲəbær*, *råg'nəbæ:r* med hovudtrykk på førsteleddet. Det er framleis ei gåte kvifor desse bærsortane ikkje får det "normale" etterleddstrykket, men ein meiner at det blir hindra av einstavings tonelag i førsteleddet (Dagsgard 2006:181).

Sams for dei fleste samansette orda utan etterleddstrykk i tabell 6-3, er at dei kan seiast å vere av relativt nytt opphav. At desse orda ikkje får etterleddstrykk, sjølv om dei morfofonologiske vilkåra er til stades, kan tyde på at dette fenomenet ikkje lenger er produktivt i

⁴⁶ Dagsgard (2006) sitt arbeid inneheld både grammatikk og ordliste, og dømeorda *graderstokk* (=termometer), *kjøleskåp* og *skrivebok* er henta frå side 250, 297 og 398 i ordlistedelen.

lomsmål, og at etterleddstrykk har slutta å vere produktivt i norsk i eldre nytid.⁴⁷ Orda der etterleddstrykk oppstår, verkar å vere av eldre opphav, noko som indikerer at fenomenet stammar frå eit eldre system.

6.5 Oppsummering

I informantundersøkinga mi fann eg ut at intonasjonsmønsteret forseinka fraseksent er til stades i lomsmål, sjølv om det truleg ikkje er like gjennomført som i trøndersk.

Stuttstava tostavingsord (jamvektsord) er eit særdrag i lomsmål. Eg har synt at skilnaden mellom desse og normallange tostavingsord kan framstillast innan Trondheimsmodellen om ein utvidar den prosodiske trerepresentasjonen med eit moranivå.

Etterleddstrykk er til stades i somme samansette ord i lomsmål, og trass i nokre unntak ser det i stor grad ut til å vere eit system for når dette trykkmønsteret oppstår. Sjølv om etterleddstrykk ikkje førekom hyppig i materialet mitt, er det i høg grad med på å særprege lomsmålet.

Det må nok meir omfattande undersøkingar til for å kartleggje prosodiske særdrag i dette målføret. Resultata og diskusjonen eg har presentert i dette kapitlet kan likevel kaste ljøs over tre fenomen som er med på å gje lomsmålet særpreg, og gjer at denne dialekten kan skildrast som ein lågtonedialekt med prosodiske særdrag som skil han frå trøndersk og søraustnorsk.

⁴⁷ Personleg kommunikasjon med professor Jan Ragnar Hagland ved INL, NTNU.

7 Oppsummering og vegen vidare

I dette arbeidet har eg teke føre meg dialektprosodiske fenomen i målet i Lom, med eit sideblikk til målet i Skjåk. Interesse for intonasjonstilhøve i dette målføret vart vekt til liv gjennom arbeid med ei semesteroppgåve i fonologi. Seinare observerte eg at Fintoft og Mjaavatn i artikkelen ”Tonelagskurver som målmerke” (1980) framstilte desse måla med andre tonelagskurver enn til dømes søraustnorsk og trøndersk. I tillegg nytta dei ulike tonelagskurver for å skildre grannemåla lomsmål og skjåkmål.⁴⁸

Figur 7-1 Tonelagskurver for lomsmål

Tonelag 1, type:

D



Tonelag 2, type:

A



Figur 7-2 Tonelagskurver for skjåkmål

Tonelag 1, type:

A



Tonelag 2, type:

B



Eg ville etterprøve resultata deira for å finne ut om skilnaden mellom desse og andre lågtonedialektar dreiar seg om ein skilnad i tonelagsrealisering, eller om det er andre prosodiske drag som gjer at desse måla skil seg tonalt frå øvrige lågtonedialektar.

I arbeidet har eg nytta Trondheimsmodellen, som er ein modell for analyse av forma og funksjonen til intonasjon i norsk. I avhandlinga er det den prosodisk-fonologiske delen av modellen eg har nytta. I kapittel 2 gjorde eg greie for det teoretiske rammeverket i modellen, og i tillegg tok eg føre meg tidlegare forskning på tonelag og intonasjon i norsk.

I kapittel 3 gjorde eg greie for nokre tidlegare arbeid om prosodi i måla i Nord-Gudbrandsdalen. Særdrag som etterleddstrykk og stuttstava ord har vorte handsama av mellom andre Christiansen (1946-48), Ekre (1960) og Dagsgard (2006). I denne delen gjorde eg òg nærare greie for korleis Fintoft og Mjaavatn (1980) og Kristoffersen (2007a) skildrar tonelagsrealisering i Nord-Gudbrandsdalen.

Innleiingsvis i arbeidet presenterte eg fylgjande problemstillingar:

1. Korleis vert tonelag 1 og tonelag 2 realisert i lomsmålet?
2. Korleis vert tonelag 1 og tonelag 2 realisert i skjåkmålet? Vil skjåkmålet skilje seg frå lomsmålet når det gjeld tonelagsrealisering?

⁴⁸ Figur 3-1 og figur 3-2, teke oppatt her som figur 7-1 og 7-2.

3. Korleis vert fraseaksenten realisert i lomsmål?
4. Korleis kan stuttstava ord i lomsmål analyserast innan Trondheimsmodellen?
5. Kvifor får somme samansette ord i lomsmål etterleddstrykk, og korleis kan desse analyserast innan Trondheimsmodellen?

For å svare på desse spørsmåla, var eg avhengig av å hente inn munnlege data gjennom ei empirisk undersøking. Eg gjennomførte difor ei firedelt informantundersøking med 15 personar frå Lom og Skjåk. Fordi eg såg meg nøydd til å avgrense arbeidet, valde eg å bruke berre to kontrollinformantar frå Skjåk. Skjåkmålet vart handsama berre i den andre problemstillinga, der eg ville undersøke tonelagsrealiseringa i skjåkmålet og samanlikne denne med lomsmålet.

Utveljing av informantar og oppbygging av undersøkinga har eg gjort greie for i kapittel 4. I delundersøking I-III skulle informantane uttale stutte og lange ytringar som eg hadde laga på førehand. I einskildord-testen (deltest I) skulle informantane uttale 40 ord, metodisk gjennomført slik at eg sikra at alle orda vart uttala med fokal fraseaksent. Målet med denne delundersøkinga var å undersøke tonelagsrealiseringa i ord uttala i isolasjon. I testen eg har kalla ”det va..”-testen (deltest II) nytta eg same beresetning som Fintoft og Mjaavatn nytta i undersøkinga si, nemleg utbrytingssetninga *det va ___ du sa*, der eg plasserte 14 av dei 40 orda frå einskildord-testen. Målet med dette var å sjå om det var nokon skilnad på korleis informantane intonerte testorda i beresetninga og i isolasjon, og om dette kunne forklare resultatata Fintoft og Mjaavatn kom fram til. I deltest III skulle informantane uttale lengre utbrytingssetningar med ein eller to fokale fraseaksentar. Målet med dette var å undersøke realiseringa av fraseaksenten i aksentfraser i lomsmål, og om denne i likskap med trøndersk vert realisert forseinka. Til sist i informantundersøkinga gjennomførte eg eit uformelt intervju (deltest IV) med kvar informant. Dette var for å sikre at eg fekk eit rikt datamateriale, og for å avdekkje eventuelle usikre resultat frå resten av undersøkinga. Eg gjorde lydopptak av alle undersøkingane for i ettertid å kunne lage grunntonekonturar i dataprogrammet Praat.

Resultata frå undersøking I-II vart presenterte i kapittel 5. I dette kapittelet svara eg på dei to fyrste problemstillingane som dreia seg om tonelagsrealisering i lomsmål og skjåkmål. Resultata frå ”det va..”-testen synte at utbrytingssetninga *det va ___ du sa* kunne føre til fleire ulike intonasjonsmønster på testorda, og såleis ikkje var eigna til å skildre tonelagsrealisering. Fintoft og Mjaavatn endar opp med ei misvisande framstilling av tonelagskurvene for både lomsmål og skjåkmål. Årsaka er at dei tok utgangspunkt i tonegangen i isolerte testord frå beresetninga når dei konstruerte tonelagskurvene. Slik vart det mellom anna ikkje teke omsyn til om fraseaksenten vart realisert på stavingar som kom etter sjølve testordet. Som eg kom

fram til i mi eiga undersøking, var eit svært frekvent uttalemønster hjå informantane både frå Lom og Skjåk å uttale dei ytringsfinale stavingane *du-sa* innan same AP som testordet. Den transkriberte ytringa i (38) syner eitt av dei mest vanlege intonasjonsmønstra som kom fram i undersøkinga, uttala av informant KB:⁴⁹

(38) ((det va(²BADE-du-sa_{AP})_{IP})_{IU})

Her vert den fokale fraseaksenten realisert på *sa*, som er siste staving i den fullstendige tonelag 2-aksentfrasen (²BADE-du-sa_{AP}).

Isolert uttale av testorda synte seg å gje eit meir korrekt bilete av tonelagsrealiseringa i aksentfrasar med tonelag 1 og 2 enn når testorda vart uttala i ei utbrytingssetning. Resultata frå einskildord-testen synte at både lomsmål og skjåkmål har det typiske mønsteret for aksentfrasar i lågtonedialektar ved at dei har LH- og HLH-tonerørsle for høvesvis tonelag 1 og tonelag 2. Dette samsvarar med det søraustnorske og trønderske mønsteret for tonelagsrealisering.

Dei tonale skilnadene mellom lomsmål, trøndersk og søraustnorsk er altså ikkje ein skilnad i tonelagsrealisering. I kapittel 6 såg eg nærare på prosodiske særdrag i lomsmålet. I denne delen vart ikkje skjåkmålet inkludert. Her svara eg på dei tre siste problemstillingane, og eg byrja kapittelet med å gjere greie for realiseringa av fraseaksenten i lomsmål. Resultata frå deltest III synte at forseinka fraseaksent som intonasjonsfenomen er til stades i lomsmål etter fokalt aksentuerte testord. Mange av informantane mine ville òg uttale ytringane utan forseinka fraseaksent. Dette kan tyde på at sjølv om fenomenet er til stades i lomsmål, så er det ikkje like gjennomført som i trøndersk.

Vidare i kapittel 6 nytta eg Trondheimsmodellen i eit forsøk på å representere skilnadene mellom tonelag 2-ord med normale kvantitetstilhøve og stutte tostava ord (jamvektsord) med tonelag 2 i lomsmålet. Eg hadde inkludert stuttstava ord i deltest I og II i informantundersøkinga. Skilnaden mellom stutte og normallange ord vert ikkje fanga opp av transkripsjonane, difor presenterte eg eit forslag til utviding av den prosodiske trestrukturen i Trondheimsmodellen med eit nytt nivå – moranivået. Dette gjer det mogleg å strukturelt skildre ulike kvantitetstilhøve i normallange og stuttstava tostavingsord med tonelag 2, samstundes som at båe har ein HLH-tonegang som kjenneteiknar ein tonelag 2-aksentfrase.

I det siste spørsmålet i problemstillinga mi tok eg føre meg samansette ord i lomsmål, og årsakene til at somme av desse får etterleddstrykk i staden for trykk på fyrste staving i

⁴⁹ Ytring (12) i kapittel 5.2.1.2.

fyrste ledd, slik som i dei fleste andre norske målføre. Materialet her var òg henta frå deltest I og II i informantundersøkinga, der eg hadde inkludert nokre ord der eg venta å finne bruk av etterleddstrykk hjå informantane. I tillegg nytta eg noko materiale frå dei uformelle intervju (deltest IV). Med utgangspunkt i resultat frå eiga informantundersøking saman med arbeid av Christiansen (1946-48), Ekre (1960) og Dagsgard (2006), stipulerte eg eit sett med morfofonologiske vilkår for når dette avvikande trykkmønsteret oppstår. Eg kom fram til at det ser ut til å vere eit system for når etterleddstrykk oppstår, men at fenomenet truleg ikkje er produktivt lenger, fordi ein del ord med nyare opphav ikkje får etterleddstrykk, trass i at vilkåra er til stades.

Mykje meir kunne vorte sagt om fleire av dei språklege fenomena eg har teke føre meg i dette arbeidet. Mellom anna kunne det vore interessant å undersøke bruken av etterleddstrykk i andre målføre i Nord-Gudbrandsdalen, eller i heilt andre målføre for den del. Dei forsøksvise analysane med moranivå i prosodiske treanalysar i Trondheimsmodellen kan òg vere tema for vidare arbeid.

I ei masteravhandling må ein setje grenser for kor omfattande ein kan gå til verks. Eg vonar likevel at dette arbeidet kan vere eit bidrag til prosjektet 'Intonasjon som målmerke', og at lomsmålet med dette vert kartlagd som ein lågtonedialekt med dei prosodiske særdraga eg har presentert i dette arbeidet. Eg vonar òg at skjåkmålet vert inkludert i det lågtonedialektale området i målførekartet som skal lagast når det nemnde prosjektet er ført til endes.

Litteraturliste

- Abrahamsen, J.E. (2003). *Ein vestnorsk intonasjonsfonologi*. Dr.art.-avhandling, Institutt for språk- og kommunikasjonsstudium, NTNU.
- Alnæs, I. (1916). *Norsk Sætningsmelodi – dens forhold til ordtonene*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Basbøll, H. (2005). *The Phonology of Danish*. Oxford : Oxford University Press.
- Boersma, P. og Weenink D. (2010). *Praat: doing Phonetics by Computer. Versjon 5.1.23*. [Dataprogram]. Lasta ned 11.02.10 frå <http://www.fon.hum.uva.nl/praat/>
- Broch, O. (1983 [1935]). "Rhythm in the spoken Norwegian language". I Jahr, E.H. og O. Lorentz (red.) *Prosodi/Prosody*, Oslo: Novus forlag, 78-112.
- Broch, O. (1937). "Begriffsunterschied durch Intonationsunterschied in dem Ostnorwegischen". I *Acta Jutlandica*, Vol. 9, no. 1, København, 308-322.
- Broch, O. (1944). "Tonelag bestemmende for lydutviklingen". I *Maal og minne*, 145-161.
- Christiansen, H. (1946-48). *Norske dialekter*. (Hft. 1-3). Oslo: Tanum.
- Dagsgard, A. (2006). *Målet i Lom og Skjåk. Ordliste og grammatikk*. Lom kommune/Skjåk kommune.
- Dommelen, W.A. van og Nilsen, R.A. (2002). "Toneme realization in two North Norwegian Dialects". I *Proceedings of Fonetik 2002, Stockholm May 29-31, 2002*, Speech, Music and Hearing, Quarterly Progress and Status Report, TMH-QPSR, Vol. 44, no. 1, 21-24.
- Ekre, L. (1960). *Opplysningar til stadnamn frå Midt-Jotunheimen og tilgrensande bygder*. Oslo/Bergen: Universitetsforlaget.
- Elstad, K. (1983 [1980]). "Some remarks on Scandinavian Tonogenesis". I Jahr, E.H. og O. Lorentz (red.) *Prosodi/Prosody*, Oslo: Novus forlag, 388-398.
- Fintoft, K. og Mjaavatn, P.E. (1980). "Tonelagskurver som målmerke". I *Maal og Minne*, 66-87.
- Fretheim, T. (1981). "Intonational Phrasing in Norwegian". I *Nordic Journal of Linguistics*, Vol. 4, no. 2, 111-137.
- Fretheim, T. (1984). "What is accent and what is stress in East Norwegian sentence prosody?". I *Working Papers in Linguistics 2*, Universitetet i Trondheim, 28-63.
- Fretheim, T. (1986). "Identifying Tone Groups in East Norwegian". I L. Evensen (ed.) *Nordic Research in Text Linguistics and Discourse Analysis*. Trondheim: Tapir, 137-154.
- Fretheim, T. (1987). "Phonetically Low Tone – Phonologically High Tone, and Vice Versa". I *Nordic Journal of Linguistics*, Vol.10/1, 35-58.

- Fretheim, T. (1993). "Ikoniske og ikke-ikoniske delmelodier i østnorske intonasjonsmønstre". I *Forhandlinger 1992*, Det Kongelige norske Videnskabers Selskab, Trondheim, 219-233.
- Fretheim, T. og Nilsen, R.A. (1989a). "Romsdal Intonation: Where East and West Norwegian Pitch Contours Meet". I Niemi, J. (red.) *Papers from the Eleventh Scandinavian Conference of Linguistics*, Vol.2. Joensuu, 442-458.
- Fretheim, T. og Nilsen, R.A. (1989b). "Terminal rise and rise-fall tunes in East Norwegian intonation". I *Nordic Journal of Linguistics* 12, 155-182.
- Fretheim, T. og Nilsen, R.A. (1990). "In defense of [± FOC]". I No, Y. og Libucha, M. (red.) *ESCOL '90. Proceedings of the Seventh Eastern States Conference on Linguistics*, The Ohio State University 1990, 102-111.
- Goldsmith, J.A. (1990). *Autosegmental & Metrical Phonology*. Oxford: Blackwell Publishers.
- Haug, A. (2002). *Form- og lydverket i lomsmålet*. Lom Heimbygdslag.
- Haugen, E. (1983 [1967]). "On the rules of Norwegian tonality". I Jahr, E.H. og O. Lorentz (red.) *Prosodi/Prosody*. Oslo: Novus forlag, 293-309.
- Haugen, E. og Joos, M. (1983 [1952]). "Tone and intonation in East Norwegian". I Jahr, E.H. og O. Lorentz (red.) *Prosodi/Prosody*. Oslo: Novus forlag, 179-201.
- Hognestad, J.K. (1997). *Tonemer i en høytone-dialekt. En undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*. Oslo: Det norske samlaget.
- Katamba, F. (1991). *An Introduction to Phonology*. London – New York: Longman.
- Kristoffersen, G. (1992). "Kvantitet i norsk". I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 10, 187-208.
- Kristoffersen, G. (2000). *The Phonology of Norwegian*. Oxford: Oxford University Press, 274-286.
- Kristoffersen, G. (2004). "Jamvektsaksent i Älvdalen og Nord-Gudbrandsdalen". I *Proceedings of the 1st Conference on Oevdalian, Älvdalen, June 18th-19th, 2004*. G. Nyström (ed.), 1-55. Lasta ned 18.03.10 frå <http://www.nordiska.uu.se/arkiv/konferenser/alvdalska/konferensrapport.htm>
- Kristoffersen, G. (2007a). "Dialect variation in East Norwegian tone". I Tomas Riad og Carlos Gussenhoven (red.): *Tones and Tunes, Vol. 1: Typological and Comparative Studies in Word and Sentence Prosody*, Berlin: Mouton de Gruyter, 91-111.
- Kristoffersen, G. (2007b). "Jamvektseffekten. En fonetisk analyse av jamvekt i nordgudbrandsdalsdialekten". I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift, årgang 25*, 187-232.
- Langleite, E. (1974). "Gudbrandsdalsmål". I Skogstad, Ola (red.) *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet*, Oslo: Det Norske Samlaget.

- Nilsen, R.A. (1988). *On prosodically marked information structure in spoken Norwegian*. Hovedfagsoppgave, Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Nilsen, R.A. (1992). *Intonasjon i interaksjon – sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Dr.art.-avhandling, Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Nilsen, R.A. (1993). ”Ivar Alnæs – en banebryter for norsk intonasjonsforskning”. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, årgang 11, 169-184.
- Nilsen, R.A. (2000). ”Tonale særtrekk i norske lavtonedialekter”. I Ivars, A.M. og Slotte, P. (red.) *Folkemålsstudier 39*. Helsingfors, 219-238.
- Nilsen, R.A. (2001). ”’Borderline Cases’. Tonal characteristics of some varieties of spoken South Norwegian”. I *Nordic Prosody VIII*, 173-186.
- Nilsen, R.A. (2003). Tillegg II: ”Intonologi”. I Åfarli, T.A. og Eide, K.M. *Norsk Generativ Syntaks*, Oslo: Novus forlag, 314-331.
- Nilsen, R.A. (u.a.). *Intonasjon og informasjon: Innføring i norsk intonologi*. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU. Upublisert manus.
- Papazian, E. og Helleland, B. (2005). *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Pierrehumbert, J.B. og Beckman M.E. (1988). *Japanese Tone Structure*. Cambridge: MIT Press.
- Sandøy, H. (1992). *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Oslo: Novus Forlag.
- Selmer, E.W. (1920). ”Enkelt og dobbelt tonelag i Kristianiaspråket”. I *Maal og minne*, 55-75.
- Selmer, E.W. (1921). *Tonelag og tonefald i Bergen bymaal*. (VSS. II. HF. kl. No. 8.), Kristiania.
- Selmer, E.W. (1927). *Den musikalske aksent i Stavanger-målet*. Oslo.
- Sivertsen, E. (1967). *Fonologi. Fonetikk og fonemikk for språkstudenter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skaalbones, L.K. (2006). *Henger de på? Prososyntaktiske trekk ved verbpartikler i en nordnorsk høytone-dialekt*. Masteravhandling, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Storm, J. (1983 [1874]). ”Om Tonefaldet (Tonelaget) i de skandinaviske Sprog”. I Jahr, E.H. og O. Lorentz (red.) *Prosodi/Prosody*, Oslo: Novus forlag, 30-39.

Tronstad, I. (1995). *Myter og realiteter om norsk intonasjon*. Hovedoppgave i nordisk språk, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Trondheim.

Vanvik, A. (1983 [1956]). "Norske tonelag". I Jahr, E.H. og O. Lorentz (red.) *Prosodi/Prosody*, Oslo: Novus forlag, 209-219.

Vanvik, A. (1966). *A Phonetic-Phonemic Analysis of the Dialect of Trondheim*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vanvik, A. (1973). "A Phonetic-Phonemic Analysis of the Dialect of Standard East Norwegian. Part II". I *Norwegian Journal of Linguistics* 27, 101-139.

Vanvik, A. (1979). *Norsk fonetikk. Lydlæren i standard østnorsk supplert med materiale fra dialektene*. Fonetisk institutt, Universitetet i Oslo.

Wiggen, M. (1935). *Trøndsk ord- og setningsmelodi – serleg bygd på Børsa målføre*. Hovedoppgåve, Universitetet i Oslo.

Skjema for personopplysingar

Dato:

Ref.:

Personinformasjon

Namn:

(berre til intern referanse, du blir anonymisert i avhandlinga)

Kjønn:

Fødselsår:

Fødestad:

Bustad:

Har du budd utanfor Lom/Skjåk kommune? I så fall kor lenge?

.....
.....
.....

Mor sin fødestad:.....

Far sin fødestad:

Presentasjon av undersøkinga

Del I

Opplesing av einskildord.

I denne delen får du ein bunke med 40 lappar. På kvar lapp er det skriva eit ord, og du skal lese opp eitt og eitt ord slik du vil uttale dei på ditt talemål. Etter opplesing skal kvar lapp leggjast nedst i bunken. Orda er skrivne med talemålsnær ortografi.

Del II

Opplesing av enkle setningar.

Her vil du få ein bunke med 14 lappar. På kvar lapp er det skriva ei enkel setning. Du skal trekkje ein og ein lapp og uttale setninga slik du vil seie den på ditt talemål. Setningane er skrivne med talemålsnær ortografi. I kvar setning er det eitt utheva ord, og dette ordet skal uttalast med meir trykk/betoning enn dei andre orda. Tenk på det som at dette ordet er viktigare enn resten av setninga.

Del III

Opplesing av lengre setningar.

Her vil du få utdelt eit ark med 10 setningar. Du skal uttale ei og ei setning slik du vil seie den på ditt talemål. I kvar setning er det eitt eller to utheva ord, og dette/desse skal uttalast med meir trykk/betoning enn resten av setninga.

Del IV

Denne delen består av eit stutt, uformelt intervju om eitt eller fleire tema.

Intervjuguide (del IV)

- Kva syn har du på eigen dialektbruk? Er du oppteken av ditt eige talemål?
- Tykkjer du det er viktig å halde på dialekten?
- Trur det har hendt endringar i dialekten i Skjåk/Lom/Bøverdalen, til dømes dei siste 50 åra? I så fall kva slags endringar?
- Kva tykkjer du om dette?
- Kva trur du er årsaka/årsakene til at det skjer endringar?
- Kva trur du er årsaka/årsakene til folk ”legg om”, til dømes når dei flyttar utanbygds?
- Kva trur du er årsaka/årsakene til at folk held på dialekten sin, òg når dei flyttar utanbygds?
- Korleis trur du dialekten i Skjåk/Lom/Bøverdalen blir i framtida?

Samandrag

Denne avhandlinga er resultatet av ei undersøking av dialektprosodiske drag i målet i Lom, med vekt på tonale tilhøve. Målet i grannekommunen Skjåk vert òg handsama i delar av arbeidet. I arbeidet nyttar eg Trondheimsmodellen, som er ein modell for analyse av forma og funksjonen til intonasjon i norsk (sjå Nilsen 1992). Med føremålet i arbeidet nyttar eg den prosodiske representasjonen i modellen.

Eg gjennomførte ei firedelt informantundersøking med 15 personar frå Lom og Skjåk for å hente inn munnlege data. Målet med dei to fyrste delundersøkingane, som eg har kalla einskildord-testen (deltest I) og ”det va..”-testen (deltest II), var å kartleggje tonelagsrealiseringa i dei nemnde områda, og sjå om det var nokon skilnad på korleis informantane intonerte testord i utbrytingssetninga *det va ___ du sa* og i isolasjon. Beresetninga er henta frå ei undersøking av Fintoft og Mjaavatn (1980), der dei mellom anna framstilte grannemåla i Lom og Skjåk med heilt ulike tonelagskonturar. Resultata frå undersøkingane mine i deltest I og II syner at utbrytingssetninga *det va ___ du sa* kunne føre til fleire ulike intonasjonsmønster på testorda, og såleis ikkje er eigna til å skildre tonelagsrealisering i lomsmål og skjåkmål. Isolert uttale av testorda gjev eit meir korrekt bilete av tonelagsrealiseringa i aksentfrasar med tonelag 1 og 2. Resultata frå deltest I syner at både lomsmål og skjåkmål har LH- og HLH-tonerørsle for aksentfrasar med høvesvis tonelag 1 og tonelag 2, som svarar til det typiske mønsteret i lågtonedialektar, mellom dei søraustnorsk og trøndersk.

I arbeidet ser eg òg nærare på nokre prosodiske særdrag som er med på å skilje lomsmålet tonalt frå det øvrige lågtonedialektale området. I deltest III, utbrytingskonstruksjonar med kontekst, kom eg fram til at intonasjonsfenomenet forseinka fraseaksent er til stades i lomsmål etter fokalt aksentuerte testord, men fenomenet er truleg ikkje like gjennomført i dette målføret som i trøndersk. Vidare presenterer eg eit forslag til utviding av den prosodiske trestrukturen i Trondheimsmodellen med eit nytt nivå, moranivået, som gjer det mogleg å skildre ulike kvantitetstilhøve mellom normallange og stuttstava tostavingsord, samstundes som at bae må analyserast som tonelag 2-aksentfrasar. Til sist ser eg på fenomenet etterleddstrykk i lomsmål, som i stor grad ser ut til å fylgje eit sett med morfo-fonologiske vilkår. Ein del ord med nyare opphav får ikkje etterleddstrykk, trass i at vilkåra er til stades, og dette tyder på at fenomenet ikkje lenger er produktivt i lomsmål.

Ut frå resultata i arbeidet mitt konkluderer eg med at både lomsmål og skjåkmål høyrer til det lågtonedialektale området, og at lomsmålet må karakteriserast som ein lågtonedialekt med prosodiske særdrag.